

HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND

**RAPPORT OG PLANAR (2008-2009)
TIL KUNNSKAPSDEPARTEMENTET**

- | | |
|---|----------------|
| 1. Innleiing | side 2 |
| 2. Resultatrapportering for 2008 | side 3 |
| 3. Planar for 2009 | |
| 3.1. Plan for verksemda i 2009 | side 31 |
| 3.2 Plan for tildelt bevilgning for 2009 | side 55 |

1. Innleiing

Høgskolen Stord/Haugesund viser til dei krav til plan og rapportar som er gitt i Tildelingsbrevet for 2008, Tildelingsbrevet i 2009 og andre rapporteringsbestillingar. Det som ikkje er omtala særkild i dette dokumentet er sendt som eiga rapportering til DBH eller til Kunnskapsdepartementet.

2. Resultatrapportering 2008

RAPPORTERING KNYTT TIL KUNNSKAPSDEPARTEMENTET SIN MÅLSTRUKTUR

SEKTORMÅL 1:

Høgskolene skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

- ***Vise vidareutviklinga av kvalitetssikringssystemet, inkl. korleis systema blir forankra i fagmiljøa***

2008 var eit år der kvalitetssikringssystemet var hovedprioritet ved Høgskolen Stord/Haugesund. Dette skuldast at NOKUT ikkje godkjente systemet vårt i fyrste runde, tidleg i 2008. Arbeidet med vidareutvikling av systemet var tett forankra i styret, med ein eigen tiltaksplan. Med ei samla merksemd i heile organisasjonen : studentar, tilsette, leing og styret, er vi svært godt nøgde med resultatet. Kvalitetssikringssystemet vart godkjent, og vi fekk ein god samla systematikk i organisasjonen og kvalitetsutviklinga, og vi har hatt god merksemd rundt implementering. Studieleiarane har hovedansvaret for implementering og forankring av kvalitetssikringssystemet i fagmiljøa, og med det fokus heile organisasjonen har hatt på dette i 2008 har fagmiljøa vore ein del av arbeidet med forankring.

NOKUT sin sluttkommentar i rapporten :

..... *Samlet sett mener komiteen at høgskolen har gjennomført et imponerende arbeid, og besøket ved institusjonen viste stort engasjement for videre kvalitetsarbeid.*

Slik NOKUT-komiteen avsluttar, meiner vi sjølv også at vi har eit godt fundament for å vidareutvikle kvalitetssikringssystemet, og vi har eit godt samla engasjement ved institusjonen.

- ***Vise korleis kvalitetssikringssystemet blir brukt strategisk i arbeidet med å auke kvaliteten i utdanninga***

Kvalitetssikringssystemet viser krav til evaluering/rapportering og planlegging i organisasjonen og til styret. Som del av kvalitetssikringssystemet vart Strategisk plan for Høgskolen Stord/Haugesund revidert i juni 2008. Den strategiske planen tek utgangspunkt i Kunnskapsdepartementet sine sektormål. Oppbygging av rapportar og handlingsplanar er knytt opp mot strukturen i strategiplanen, slik at vi heile tida sikrar at vi arbeider i tråd med denne.

Spesielt innanfor utdanningsverksemda får styret den årlege rapporten om 'Studiekvalitet' (som ligg som krav i NOKUT sine kriterier). Denne rapporten gir ei samla framstilling av evalueringar og vurderingar av utdanningsverksemda siste studieår, og blir handsama i styret kort tid før neste års handlingsplan og budsjett. På denne måten blir dokumentasjon frå kvalitetssikringssystemet nytta i arbeidet med ressursprioritering og tiltak for å auke kvaliteten i utdanninga.

Evalueringar på studienivå og institusjonsnivå er også viktig i den interne prioriteringa og fokusområder for å auke kvaliteten i utdanninga. Læringsmiljøutvalet har fått ein sentral posisjon i kvalitetssikringssystemet, og dei har ansvar for den årlege Læringsmiljøkonferansen med tilhøyrande Trivselsundersøking. Dette er også sentrale element i det kontinuerlege arbeidet med å utvikle kvaliteten i utdanninga.

- ***Omtale strategi for utvikling av fagporteføljen og faglig profil, herunder vise avveingene som gjøres når det gjelder bredde versus dybde, hensynet til små og utsatte fag, relevans etc.***

Innan lærarutdanninga er det store endringar som gjer at fagportefølge, fagleg profil, breidde/djubde, små/utsette fag osv. er ein del av ei samla problemstilling som institusjonen må ta stilling til om svært

kort tid. Høgskolen Stord/Haugesund har utarbeida ein søknad til Kunnskapsdepartementet om å etablere ei forsøksordning innan den nye lærarutdanninga. Denne tek inn i seg dei retningane og fokusområda som er skissert i St.meld. nr. 11 (2008-2009) Læreren Rollen og utdanningen. Som del av dette inngår også eit samarbeid på tvers av utdanningsinstitusjonar i UH-nettVest. Jfr. omtale seinare om samarbeid.

- ***Omtale strategi for arbeidet med internasjonalisering, og vise korleis dette bidreg til utviklinga av den faglege verksemda***

Høgskulen sitt arbeid med internasjonalisering har blitt gjennomført i tre planlagde faser. Fyrste fase var å etablere eit internasjonalt nettverk slik at alle høgskulen sine studentar skulle ha anledning til utveksling. Andre fase var å utvikle insentiver for faglege tilsette til å ta del i utveksling. Tredje fase var å etablere engelskspråklege tilbod for å ta imot innreisande studentar. Ser vi på antalet studentar i ut- og innveksling har vi langt på veg lykkast så langt. Lærarutveksling har vist seg å vera vanskelegare. Vi vil derfor lage ein handlingsplan for korleis vi skal auke interessen blant lærerane. Det gjeld både motivasjon og økonomiske og faglege insentiver. Som eit resultat av den lærarutvekslinga vi har hatt til no ser vi fleire eksempel på at det er etablert faglege nettverk og i nokre tilfeller også felles forskningsaktivitetar. Framover blir det viktig å vurdere det nettverket som er etablert og identifisere dei partnerane som merker seg ut enten i høve til utveksling eller faglege samarbeid, og på den bakgrunn vidareutvikle eit forskningsamarbeid. Det vil også bli lagt meir vekt på internasjonalisering heime, samt å utvikle system for betre å kunne ivareta den aukande andelen studentar med fleirkulturell bakgrunn.

- ***Gjera greie for utviklinga av bindande samarbeid med institusjonar i spesialist- og primærhelsetjenesta der studentane har praksis, også innbefatta kvalitetssikringa av studentane sin praksis***

Vi har bindande avtaler med alle praksisplassar - både i spesialist- og primærhelsetenesten. Nytt kvalitetssikringsystem for praksisstudiar (godkjent av NOKUT i 2007) sikrer at alle kontaktsjuepleiarar har minst 3 dagars vegleiingskurs og inneheld rutiner for handering av samarbeid mellom høgskulen og praksisfeltet om vegleiing og vurdering av studentane sine praksisstudier.

I tillegg har vi oppretta eit samarbeidsråd mellom HSH og alle praksiskommunar og eit anna mellom HSH og Helse Fonna Helseforetak. Råda møtes regelmessig og minst ei gong pr. semester. Hensikten er å ha ein arena for samarbeid om studier, praksisorganisering, FoU-prosjekt og utvikling av nye EVU-tilbod.

Dei nye samarbeidsforuma kjem i tillegg til andre samarbeidsorgan som praksisråd, styringsgrupper for samarbeidsprosjekt, regionalt samarbeidsorgan mellom Helse Vest og høgskoler og universiteter, samt dialogmøter med praksisvegleiarar.

- ***Rapportere for gjennomføring av plan for oppfølging av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningens (NOKUTs) evaluering av allmennlærerutdanning, jf brev av 11. desember***

Vi viser til eigen statusrapport, som svar på brev frå Kunnskapsdepartementet.

Verksemdmål 1.1

Høgkolene skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnets behov.

Kor er utfordringane knytta til oppfyljing av verksemdmålet størst ?

Dei største utfordringane knytt til dette verksemdsmålet er :

- å rekruttere studentar
- rekruttere studentar som er motiverte og med best mogleg inntaksgrunnlag

Rekruttering

Høgskulen har hatt ein vekst i antal registrerte studentar i dei seinere åra. Høgskulen hadde med 2635 (egenfinansierte) studenter per hausten 2008 ein auke i studenttalet på 10,5 prosent frå hausten 2007. Denne positive utviklinga skuldast ein auke i studenttalet innan studiepoengfinansiert etter- og vidareutdanning.

Høgskulen hadde 865 førsteprioritetssøkjjarar i 2008 , gjennom Samordna opptak. Det vil si på same nivå som i 2007, sjå tabell 1. Dette er lik utviklinga elles i landet.

Innan dei ulike studiene slår dette ulikt ut. Slik dei nasjonale trendane er, har også våre lærarutdanningar og sjukepleiestudie ein nedgang i førsteprioritetssøkerar. Det er spesielt innan sjukepleie vi ser ein vedvarande nedgang i søkjartalet. Dei tekniske/økonomiske/maritime fag har ein auke i førsteprioritetssøkerar.

Tabell 1. Antal førsteprioritetssøkjjarar gjennom samordna opptak.

	Resultat				
	2004	2005	2006	2007	2008
HSH	813	886	857	856	865
ALK	291	327	298	340	286
ATØM	275	241	294	268	364
AHF	247	318	265	248	215

Antal primærsøkjjarar pr. studieplass viser at det er innan lærarutdanninga vi har lågast søkning i høve til studieplassane. Den ledige kapasiteten er brukt på etter- og vidareutdanningstilbod og spesielt på PPU.

Den gode søkingen til nautikkstudiet viser også igjen her, med om lag 3 søkjjarar pr. studieplass.

Tabell 2 Antall primærsøkjjarar pr. studieplass

Tal på primærsøkjjarar pr. studieplass	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
ALK – ALU (lærer ++)	0,99	0,92	1,00	0,70	0,8
ALK – FLU (førskole)	1,11	1,20	1,20	1,03	1,1
AHF – Stord, sj.pl	1,28	0,93	1,06	0,97	1,1
AHF – Haugesund, sj.pl	2,03	1,81	1,53	1,28	1,4
ATØM – Ingeniør	1,02	1,18	1,09	0,88	1,0
ATØM - Øk/adm	1,35	1,50	1,30	1,31	1,4
ATØM – Nautikk	0,53	1,10	1,17	2,93	3,2

Tabell 3 viser prosentandelen av studentane som fekk tilbod om plass ved HSH gjennom samordna opptak som faktisk møtte opp ved studiestarten. Høgskulen hadde eit mål om å auke andelen som møtte opp ved studiestart hausten 2008. Den auka møtt-andelen kompensere for lågare søkjartal til grunnutdanningane, slik at studenttala blir oppretthalden. Den positive utviklinga i møtt-andelen dei senare åra meiner vi kan skuldast oppfølgingstiltak mot søkjarane.

Tabell 3. Antall studentar møtt i prosent av antall tilbod.

	2005	2006	2007	2008
HSH	62	63	65	69
ALK	55	56	65	71
ATØM	64	66	60	66
AHF	69	70	70	70

Kandidatproduksjon

Tabell 4A under viser utviklinga i antalet ferdige kandidatar som er uteksaminert ved HSH i perioda 2005 - 2008. Den viser ein auke i høve til sist studieår, og må sjåast i samanheng med utviklinga i studiepoengproduksjonen.

Tabell 4 A: Antall ferdige (uteksaminerte) kandidatar

	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
HSH	458	486	420	440	435
ALK	152	172	136	160	155
ATØM	127	137	129	93	110
AHF	179	177	155	187	170

Både innan lærarutdanningane og sjukepleiestudiet har det vore svært god kandidatproduksjon i 2008. I avdeling for tekniske, økonomiske og administrative studium har det vore spesielt låg kandidatproduksjon, dette gjeld spesielt nautikkstudiet og øk/adm. Innan nautikk er det kjende årsaker om utvida gjennomføringstid. Elles er det urovekkande låg kandidatproduksjon dei to siste åra innan øk/adm. Det er i heile høgskulen sett i gang eit eige 'prosjekt førsteårsstudenten' i 2009 med mål om auka gjennomstrømming og mindre fråfall. Her blir det iverksett nye eller vidareført tiltak både av administrativ og fagleg karakter.

I tabell 4B ser ein på utvalde utdanningar og i kva grad studentane gjennomfører på normert tid. Vi ser for eksempel på sjukepleierutdanninga at det i 2008 var 147 ferdig utdanna kandidatar på normert tid, medan det tre år tidlegare vart tatt opp 177 studentar. Det vil si ein andel på 83% som gjennomfører på normert tid og at det er 30 studentar som brukar lengre tid enn normert eller at dei har slutta iløpet av studietida. Innan allmennlærer er det ein andel fullførte på normert tid på 46% i 2008, medan det innan førskolelærerutdanninga var på 40%, og innan ingeniørutdanninga på 38%. Spesielt innan desse utdanningane bør det vera eit forbedringspotensiale.

Tabell 4B : Fullføring av studieprogram – ferdige kandidater på normert tid

	Resultat							
	2005		2006		2007		2008	
	Opptak	Fullført	Oppt.	Fullf.	Oppt.	Fullf.	Oppt.	Fullf.
Allmennlærer	88	42	101	48	110	42	67	31
Førskolelærer	28	18	63	29	46	16	32	13
Ingeniør- utd.	111	30	143	45	140	45	102	39
Sjukepleier- utd.	183	146	192	139	162	124	177	147

Studia sin relevans

Høgskulen har eit godt samarbeid med samfunns- og arbeidslivet, noko som bidreg til relevans i studietilboda. Høgskulen gjennomfører relevansundersøkingar for fleire av studiene for å få konkrete synspunkt på utdanningane, som grunnlag for vidare utvikling av studiene.

HSH har i sin handlingsplan for 2008 fastsett at alle avdelingane skal ha knytta til seg ekstern kontakt som skal gi innspel i fagplanarbeid og studieprogramevaluering.

Alle avdelingane har etablert eit arbeidslivråd/samarbeidsråd for å ha eit tettare samarbeid med arbeids-/næringsliv om utvikling av studiene.

ATØM har i tillegg til arbeidslivrådet inngått partnerskapsavtalar med rederinæring og verftsnaering.

ALK har eit tett samarbeid med kursregionane Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) og samanslutninga av Nord-rogalandskommunene (Nord-R) med deltaking i styringsgrupper, og har elles eit tett og godt samarbeid med praksisfeltet og enkeltskular om utviklingsarbeid og kurs.

AHF, sjå omtale av dette innleiingsvis under sektormål 1.

Verksemdmål 1.2

Høgskolene skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og god gjennomstrøyming.

Kor er utfordringane knytta til oppfylling av verksemdmålet størst ?

Dei største utfordringane knytt til dette verksemdmålet er :

- auka gjennomstrøyming av studentar
- innføring av læringsutbyte i alle emner/studium
- betre 'fagleg tilbakemelding' til studentane.

Evaluering programkvalitet

Som del av kvalitetssikringssystemet er den årlege trivselsundersøkinga blant studentane gjennomført. Programkvaliteten for alle studiene ved HSH vart evaluert ved hjelp av spørreskjemaet "Erfaringer med studiet" (EMS). Dette skjemaet er ein norsk versjon av "Course Experience Questionnaire". I denne undersøkinga evaluerer studentane programkvaliteten ut frå påstandar knytta til faktorane god undervisning, klare mål, gode vurderingsformer, passande arbeidsbyrde, generelle ferdigheter og studentautonomi.

Undersøkinga gir oss mange og gode innspel for å vidareutvikle programkvaliteten.

I 2008, og også i 2009, er det særleg tilhøve knytt til 'tilbakemelding frå faglærarar undervegs i studiet' som har vore prioritert i handlingsplanen.

Undersøkinga i 2008 viste at HSH-studentane er relativt fornøyde med dei studia dei heldt på med i studieåret 2007-2008. Av studentane seier 63 prosent av studentene seg einig, helt eller delvis, i at dei i det store og det hele er fornøyd med undervisninga ved studiet, mens 28 prosent er uenige, heilt eller delvis. Studentene ved Masterstudiet i IKT i læring er mest fornøyd sammen med studentene på vidareutdanningene og praktisk-pedagogisk-utdanning. Studentene på ingeniørutdanningen, øk/adm-utdanningen og nautikkutdanningen er minst fornøyd.

Høgskolen gjennomførte våren 2008, i tillegg til referansegrupper, ein anonym spørjeskjemaundersøking i alle emner. Dei anonyme spørjeundersøkingane viste også for dei fleste studium eit samsvar med programevalueringa som vart gjennomført i trivselsundersøkinga.

Antal studentar pr.fagstilling

Ved HSH er det 17,1 studentar pr. fagstilling i 2008 (fagstillingar som har fast utbetaling frå lønssystemet), medan gjennomsnittet ved statlege høgskolar ligg på 16,5. Ved HSH har ein ligge om lag på dette nivået dei siste to åra. Ein skal merka seg at tilsette knytta til dei store FOU-prosjekta våre også inngår her, slik at utan desse ville nok antal tilsette ha vore lågare, og forholdstalet vore noko høgare. Det varierer noko frå studie til studie, lærarutdanningane har redusert studenttalet pr. tilsatt medan sjukepleie har auka studenttalet. I høve lærarutdanninga kan nok dette sjåast i samanheng med FOU-prosjekta. Det høge antal studentar pr. fagtilsett ved ATØM skuldast at fleire emne har utstrekt bruk av timelærarar. Desse er ikkje registrert i tabellen under.

Samla for heile insitusjonen er antal tilsette nokså likt frå 2007 til 2008, så endringane skuldast studenttalet samla for grunnutdanningar og EVU-tilbod.

Tabell 5 Studentar per undervisnings- og forskings- og formidlingsstilling

Studentar per undervisnings- og forskings- og formidlingsstilling	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
Avd. Haugesund	15,8	19,5			
Avd. Stord	15,8	16,2			
ALK			15,4	14,5	15
ATØM			22,7	22,2	22
AHF			14,7	16,8	15
Sum	15,8	17,4	16,8	17,1	16,5

Karakterstatistikk

Karakterfordelinga ved HSH i 2007 viser at HSH gir ein noko lågare andel av karakteren A og B og ein noko høgare andel av karakteren F enn gjennomsnittet for statlege høgskuler.

Tabell 6. Karaktergivning ved HSH (2007)

	A	B	C	D	E	F
HSH	7,3 %	22,4 %	31,5 %	17,6 %	8,3 %	12,9 %
Statlige høgskoler	10,1 %	25,2 %	30,8 %	16,8 %	8,1 %	8,9 %

HSH har i handlingsplanen for 2008 satt som eit mål at strykprosenten skal være lik eller lågare enn landsgjennomsnittet for utdanninga. Tabellen nedanfor viser strykprosenten på grunnutdanningane i 2007, samanlikna med landsgjennomsnittet for tilsvarende utdanningar ved statlege høgskuler.

Tabell 7 Strykprosent ved HSH sammenlignet med landsgjennomsnittet (2007)

	HSH	Statlige høyskoler
Allmennlærer	6,0	7,7
Førskolelærer	8,7	6,1
Ingeniør	12,3	13,4
Nautikk	10,1	10,6
Øk/adm	18,9	10,2
Sykepleie	4,4	9,8

Øk/ad studiet har med 18,9 prosent ein vesentleg høgare strykprosent enn gjennomsnittet for øk/ad-utdanningar ved statlege høyskuler. Strykprosenten er spesielt høg i dei kvantitative faga matematikk, statistikk, samfunnsøkonomi og bedriftsøkonomi. Avdelinga har hausten 2008 styrka matematikkundervisninga, noko som vil gjere studentane betre rusta til å klare også dei andre kvantitative faga.

Studiepoengproduksjon

Den totale studiepoengproduksjonen ved HSH har vist følgjande utvikling dei siste åra, målt i 60-studiepoengseiningar (heiltidsekvivalenter):

Tabell 8. Studiepoengproduksjon ved HSH

	2005	2006	2007	2008
HSH	1 920	1 830	1 619	1773
ALK	728	697	488	614
ATØM	505	492	556	606
AHF	687	640	575	553

Utviklinga viser ein nedgang i studiepoengproduksjonen ved HSH til og med kalenderåret 2007, medan vi har ein positiv auke i 2008. Dette må sjåast i samanheng med auka kandidatproduksjonen i 2008, men er også eit resultat av omlegging av studieopplegg dei seinare åra, spesielt gjeld dette lærarutdanninga.

Tabell 9 (neste side) viser at det i perioden 2005-2008 har vore ein klar nedgang i studiepoeng pr. registrert student. Når ein ser dette i samanheng med auken i studiepoengproduksjonen, må hovudårsaka til denne nedgangen knyttast til vår auka andel med EVU-studentar (på deltid). Innan sjukepleie er det stor reduksjon i antal produserte studiepoeng pr. student. Både på Stord og i Haugesund er noko av dette knytta til bachelorutdanninga : studentar slutta 1.studieår før dei tok studiepoeng, stryk ved eksamenar og mange studentar tok studiepoeng i samband med internasjonalisering. I Haugesund gjer det i tillegg utslag at det er auka antal EVU-studentar som (etter planen) produserer mindre studiepoeng. Den spesielt høge studiepoengproduksjonen i førskolelærarutdanninga skuldast omlegging av eksamensordningar, som har gjort at vi har fått ein eingongseffekt i 2008. Dette vil jevne seg ut igjen.

Tabell 9 Nye studiepoeng per egenfinansiert student pr. år

Nye studiepoeng per egenfinansiert student pr. år	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
ALK - ALU m.m.	52,5	56,2	44,1	44,5	45
ALK – FLU	54,6	49,0	49,3	59,7	50
AHF – Stord	58,8	50,6	50,7	42,1	45
AHF - Haugesund	58,1	57,8	53,8	36,6	45
ATØM - Ingeniør	48,8	37,8	39,1	40,6	40
ATØM - Øk/adm	38,7	32,2	33,8	35,2	35
ATØM - Nautikk	32,8	34,5	35,7	35,1	35
Sum	51,1	47,6	44,7	40,8	42

Som ein forklaring til studiepoengproduksjonen pr. student ser vi på gjennomføringsgraden i høve til studentane sin eigen planlagde utdanningsplan/studiepoengproduksjon. Tabellen nedanfor viser den prosentvise gjennomføringsgraden for studentane i perioden 2005 til 2008.

Tabell 10. Gjennomføringsgrad i prosent i forhold til utdanningsplan.

	2005	2006	2007	2008
HSH	85,2	86,8	86,9	87,2
ALK	83,6	85,1	87,0	88,0
ATØM	83,3	83,9	78,8	81,6
AHF	95,6	99,6	96,3	93,0
Statlige høgskoler	82,6	85,9	84,2	84,5

Høgskolen har hatt ein positiv utvikling i gjennomføringsgraden i perioden 2005 til 2008, og ligg noko over gjennomsnittet for sektoren. Ein gjennomføringsgrad på 87,2 i høve til studentane sin planlagde produksjon er me rimeleg nógde med. Det viser imidlertid potensiale for auka studiepoengproduksjon. Med så høg gjennomføringsgrad viser det at utdanningsplanen fungerer godt som eit planleggingsverktøy både for studentane og for høgskulen. Høgare gjennomføringsgrad og lågare studiepoengproduksjon per student indikerer samtidig at studentane planlegg å ta færre studiepoeng enn tidlegare.

Verksemålmål 1.3

Høgskolene skal ha internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som både bidreg til økt utdanningskvalitet og sikrar kvalifiserte kandidatar til samfunns- og næringsliv.

Kor er utfordringane knytta til oppfyljing av verksemålmålet størst ?

Dei største utfordringane knytt til dette verksemålmålet er :

- vurdere det nettverket som er etablert og identifisere dei partnerane som merkar seg ut enten i høve til utveksling eller fagleg samarbeid
- utvikle system for betre å kunne ivareta den aukande andelen studentar med fleirkulturell bakgrunn
- engelskspråklege tilbod

Internasjonalt studietilbod

Det er god balanse mellom innreisande og utreisande studentar, og totaltalet på studentar inn/ut har auka vesentleg siste året, frå 86 til 125.

Høgskulen har dei to siste åra satsa på å auke antal innreisande studentar. Dette har ført til ein kraftig auke i antalet, særleg på avdeling ATØM. Utfordringa er å få til ein tilsvarende auke på avdeling ALK. Dei engelskspråklege tilboda bør vidareutviklast. Det er laga eit godt opplegg for praksis for innreisande sjukepleiestudentar. ALK har to ulike engelskspråklege kurs, kvart på 30 stp, ATØM har omkring 30 stp både i haust- og vårsemesteret. Det har frå HSH si side vore ei bevisst fokusering mot Europeiske partnerar og eit ynskje om at studentane veljer det som utvekslingsstad.

Tabell 11 Antall utvekslingsstudenter, sum inn- og utreisende.

	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008 Inn/ut	2009
Antall utvekslingsstudentar, sum inn- og utreisande.					
Avd. Haugesund		20			
Avd. Stord	2	11			
HSH (uspesifisert)	87	24			
ALK			29	14/14	30
AHF			34	15/28	45
ATØM			23	30/24	54
Sum	89	55	86	59/66=125	130

Tabell 12 Antall framandspråklege utdanningstilbod

	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
Antall framandspråklege utdanningstilbod					
ALK	1	0	0	2	2
AHF	0	0	0	2	2
ATØM	0	10	16	7	10
Sum	1	10	16	11	14

SEKTORMÅL 2:

Høgskolene skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Høgskolene har ansvar for utvikling av praktisk retta forskning og utviklingsarbeid på sine fagområde. Høgskoler som kan tildele doktorgrad, har eit særskilt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning innan dei fagområda dei tildeler doktorgrad.

Verksemdmål 2.1

Høgskolene skal medverke til profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane.

Kor er utfordringane knytta til oppfylling av verksemdmålet størst ?

Dei største utfordringane knytt til dette verksemdsmålet er :

- fastsetja ein institusjonell FOU-strategi med handlingsplan
- vidareutvikla forskningssamarbeid
- auka gjennomstrøyming i forskarutdanninga
- fortsatt fokus på eksterne midlar til forskning

- *Omtale arbeidet med å konsentrere innsatsen og utvikle fagmiljøa gjennom samarbeid i egen institusjon eller mellom institusjonar*

Frå og med haustsemesteret 2008, er det innført ny organisasjonsmodell for HSH. Denne inkluderar også ny organisering av FOU verksemda.

Sentralt i FOU-organiseringa er eit FOU-råd for kvar avdeling, samt eit FOU-råd for institusjon. FOU-råd for avdeling er leia av dekan og består elles av programleiarar/FOU-leiar/ professorkompetente (vil variere noko frå kvar avdeling), to studentrepresentantar og ein tilsatt representant. Mandat for dei avdelingsvise FOU-råda er å samordne og utvikle FOU i avdelinga/programma, bidra til å auke inntening, og drøfte søknader om eksterne midlar.

FOU-råd for institusjonen er leia av ein av dekanane med særleg ansvar/tilsyn for institusjonell FOU, og elles beståande av programansvarlege i avdelingane/FOU-leiar i avdelingar, to studentrepresentantar, ein tilsatt representant. Sekretærfunksjon for rådet er ivaretatt av FOU rådgjevar/-koordinator. Mandat for det institusjonelle FOU råd er å gje råd til høgskulens si leing i saker som gjeld forskning og utviklingsarbeid. Til grunn for arbeidet skal utvalet ha den FoU-strategi som er vedteken av styret. Rådet har særleg ansvar for å initiere og fremje forslag til nye tiltak og strategiar på FoU-området. Rådet skal medverka til at strategiske føringar innan FoU-området vert følgt opp og koordinert. FoU-rådet skal vere eit aktivt bindeledd mellom avdelingane og skal arbeida for å stimulera til auka verksemd innan forskning og utviklingsarbeid, forskingspublisering, forskingsformidling og kompetanseutvikling. Rådet skal arbeida for å synleggjere høgskulens sitt FoU-arbeid, og sikra at det held høg fagleg kvalitet.

Med alle råda etablerte, set det fokus og trykk på FOU på avdelingsnivå på eit vis som ikkje før har vore gjeldande i høgskolen.

Det institusjonsvise FOU-rådet hadde i løpet av hausten 2008, 2 møter. Rådet definerte tidleg klare satsings- og policyområde som ein ville jobba nærare med. Arbeidet i policygruppene vil i løpet av 2009 medføre eigne policynotat på utvalde område;

1. ”Organisering av FOU støtte”,
2. ”Policy for karriere-/kompetanseutvikling”,
3. ”Policy for synleggjering av FOU” som skal føre til ein eigen FOU melding innan sommaren 2009,
4. ”Policy for forskingssamarbeid nasjonalt og internasjonalt”,
5. ”Notat om incentivordningar og stimulering av FOU aktivitet”,
6. ”Policy for formidling, Publisering. Fokus på Regional/lokal utadretta verksemd”.
7. ”Policy for forskingsleiing – Prosjekt og Program”.

FOU råd institusjon initierte også igangsetting av arbeid for ein eigen overordna FOU strategi for høgskulen i perioden 2009 – 2012. Denne skal etter planen slutførast med styrebehandling våren 2009. Til saman med programorganiseringa av FOU aktivitetane leia av ein førstekompetent forskar med rettleingskompetanse og –oppgåver, har me i dag kreative og utviklande prosessar innan fleire og relativt brede fagmiljø. Me har i dag 7 forskingsområde som per i dag er definerte som forskingsprogram. Desse er (sjå også <http://www.hsh.no/fou/forskningsprogram.htm>):

1. Program for Praksis FOU for Høgskolen Stord/Haugesund – bestående av to forskingsrådsfinansierte prosjekt
2. Program for Education, Curriculum & Technology – bestående av eit forskingsrådsfinansierte prosjekt
3. Program for Anvendt IT
4. Program for Konsekvensanalyser for Regional Utvikling – bestående av eit forskingsrådsfinansierte prosjekt
5. Program for PetroMaritim FOU – bestående av eit forskingsrådsfinansierte prosjekt
6. Program for Teknisk Sikkerhet
7. Program for Helsefaglig Forsking.

Me meiner at denne strukturelle organiseringa av FOU leiing, og med desse mandat, er ein rett og utviklande intern tilrettelegging for FOU i høgskulen. Til saman med programorganiseringa av FOU aktivitetane meiner vi høgskulen som FOU institusjon har gjort klare og konstruktive grep i sitt interne arbeid som vil bringe høgskulen framover som FOU institusjon.

I tillegg har høgskulen også gjort konkrete og tydelege grep for at eksternt samarbeid skal bringe FOU aktivitetane ved høgskulen ytterlegare framover. Dette er mellom anna gjort særleg ved å inngå forpliktande institusjonssamarbeid mellom Høgskulen i Sogn & Fjordane, Høgskolen i Bergen og med Universitetet i Bergen, kalla UH-nett Vest (<http://uhnettvest.no/>). Denne omhandlar mellom anna samarbeid om forskning, og samarbeid om forskarutdanning. Det skal mellom anna leggast vekt på utdanningssamarbeid med anbefalte studieløp på tvers av institusjonane, og samarbeide om spesielle mastergradsprogram. Forskarutdanning og kompetanseutvikling skal få større regional utbreiing. Den samla forskinga skal styrkes ved å identifisere fellesnemnarar mellom sterke fagmiljø og leggje til rette for prosjektsamarbeid og felles forskingsseminar. Dei arbeidsgruppene som er definerte og som forskingsaspektet i samarbeidet, er:

1. Arbeidsgruppen for forskingssamarbeid som skal fremme forslag til korleis nettverket best kan utvikle gode rammevilkår for forskingssamarbeid mellom institusjonane, og
2. Arbeidsgruppen for forskarutdanning som skal sjå nærare på spesielle opplæringsprogram tilpasset kandidatar fra høgskolane, opplegg for kompetanseutvikling og samarbeid om rettleiing av PhD-kandidatar.

Dei fire sentrale områda for forskingssamarbeid som er definert er:

1. Pedagogikk/utdanning og leing i skolen
2. Helse og omsorg
3. Teknologi med vekt på energi og miljø
4. Musikkfaglige aktivitetar

- **Omtale tiltak for å auke gjennomstrøyminga i forskarutdanninga**

Høgskulen har ikkje eigen PhD og/eller forskarutdanning. Men me har ei rekkje tilsette stipendiatar som saman med nokre høgskulelektorar er tekne opp som PhD studentar ved institusjon som utdannar PhD kandidatar. Totalt har me i per haust 2008 inntil 21 doktorgradsavtaler under arbeid med sin forskarutdanning. Fordelt på finansiering over grunnbudsjett, forskingsråd og andre kjelde ver tala slik so mi følgjande tabell.

Tabell 13 Samtlege doktorgradsavtaler, haust 2008

Studium (DBH-Kategori)	Finansiert over Institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges Forskningsråd		Finansiert over Andre eksterne kilder		Sum	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
HELSEFAG	7	6	-	-	-	-	7	6
SAMVIT	6	4	4	3	1	1	11	8
HUMAN	1	1	-	-	-	-	1	1
MATEMATIKK-DIDAKTIKK	1	-	-	-	-	-	1	-
TEKNOLOGI	1	1	-	-	-	-	1	1
Totalt	16	12	4	3	1	1	21	16

Tala inneber ei auke i frå 2007. Dette skuldast mest etableringa av fleire forskingsrådsfinansierte prosjekt, der finansiering av stipendiatar var inkludert i tildelinga (ein per prosjekt). Samstundes kan me berre dokumentere ein kandidat som har disputert i løpet av året.

Tabell 14 Nye doktorgradsavtaler, heile 2008

Studium (DBH-kategorier)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges Forskningsråd		Finansiert over andre eksterne kilder	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
SAMVIT	1	0	3	2	-	-
Totalt	1	0	3	2	0	-

Blant våre phd-kandidatar er det i 2008 teikna 3 nye doktogradsavtalar. Desse avtalane er teikna ved NHH, UiB, og DPU (Danmarks Pedagogiske Universitet). Alle desse er finansierte over Noregs Forskningsråd. Ny doktorgradsavtale finansierte over grunnbudsjett er tilknytt UiS.

Tabell 15 Avlagte doktorgrader, heile 2008

Studium (DBH-kategorier)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges Forskningsråd		Finansiert over andre eksterne kilder	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
SAMVIT	1	1	-	-	-	-
Totalt	1	1	0	0	0	-

Me er klar over at gjennomstrøyminga sett i frå HSH sitt synspunkt skulle vore betre. Me søkjer å finna og etablera interne ordningar som kan hjelpe på gjennomstrøyminga. Me ønskjer blant anna at alle stipendiatar skal knytast opp mot i mot eksisterande FOU team, forskingsprosjekt og program. Me søkjer å få alle inn i operative team, slik at dei kan dra nytte av den dynamikken som finnes der, samstundes som forskarane kan hjelpa og rettleia kvarandre. Et viktig tiltak vil være at intern rettleiar får ein formell godkjenning av phd institusjon som rettleiar i phd studiet.

Tabell 16 Antal uteksaminerte doktorgradskandidatar per vitsskapeleg årsverk

	Resultat					Resultatmål
	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Antal uteksaminerte doktorgradskandidatar per vitsskapeleg årsverk (2008: 156)	0,006	0,013	0,013	0,009	0,009	0,02

- **Omtale tiltak for å auke forskingsmidlane frå NFR**

Me har dei siste åra hatt ein god utteljing på våre finansieringssøknadar til forskingsrådet. Frå 2004 med ein total løyving på kr 231.000,- fram til 2008 med ein årleg løyving på ca kr. 7.501.367,-.

Tabell 17 NFR-tildeling per undervisnings- forsknings- og formidlingsstilling

	Resultat					Resultatmål
	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Avd. Stord	0	0	89 000			
Avd. Haugesund	231 000	460 000	656 000			
ALK				1.160.000	5.349.789	6.292.000
ATØM				617.000	2.075.789	5.650.000
AHF	0	0	0	24.000	75.789	1.500.000
Sum per undervisnings-, forsknings og formidlingsstilling (kroner) (156, 2008)	1 449	2 926	4 885	11 810	44 653	86.000

Slik sett tyder det på at me har gjort nokre riktige grep. Kva tiltak er gjort? I tillegg til dei organisatorisk strukturelle ordningane omkring FOU som er omtala ovanfor, er nok dei viktigaste endringane meir kulturelle. Det har utvikla seg ein langt større merksemd og interesse omkring forskning generelt, og som ein følge av det, ein langt større merksemd omkring forskings-finansiering. At me har fått nokre prosjektløyvingar har ført til større interesse blant eit breiare lag av fagpersonalet. Som igjen har ført med seg fleire finansieringssøknader. Parallelt har me nok og utvikla ein god kompetanse og ein slags ekspertise på søknadsutforming.

I heile perioden frå 2004, har forskingsaktivitetane vekse gradvis. Slik sett er det blitt tilført betydelege eksterne ressursar til fagleg verksemd. Dei administrative oppfølgingsfunksjonane er ikkje blitt styrka tilsvarande. Me går sannsynlegvis inn i ein fase no med konsolidering av denne verksemda, og me må prøva å halde oss på det nivå me er komen til. Med konsolidering høyrer også styrking av ulike rollar og funksjonar. Her meinast ikkje berre styrking av ”personar”, men styrking av ”funksjon” og ”eining”. Ein ytterlegare styrking av dei individuelle faglege forskings-kvalifikasjonane vil i neste hand styrke den institusjonelle FOU profil på avdelingsnivå, og i neste hand den heilskapelege

institusjonelle FOU profil. Samstundes er det også viktig at dei administrative funksjonane og einingane styrkast for å kunna handtera desse aktivitetane som kjem i tillegg til dei aktivitetar som ligg under grunnløyvinga.

- ***Omtale korleis institusjonen bedrar samarbeidet med internasjonal utdannings- og forskingsverksemd***

Lærer- og studentmobiliteten ved HSH er hovudsakeleg finansiert som erasmusstipend. I tillegg til ein intern eigenfinansiering via stimuleringsmidler. Me vil seia at den mobilitetsflyt me har hatt dei siste åra, har vore relativt stabil. For 2009 vil høgskulen ikkje nytta stimuleringsmidler til lærarutveksling. Det vil seia at me berre har erasmusstipend til mobilitet. I og med at desse ikkje dekkjer dei totale utgiftene, antar me at interessa vil vere lågare enn før. Dette så fremt me ikkje går meir intensivt frem mot andre eksterne finansieringskjelde gjennom til dømes EU finansiering (eks Marie Curie).

Auka interesse for utveksling og internasjonalt samarbeid blant tilsette er en utfordring og me vil sette i gong ein prosess for å utarbeida ein ein handlingsplan for internasjonalisering, for mellom anna å skape motivasjon og interesse, og sjå nærare på det reelle utviklings potensial.

Tabell 18 Utveksling av tilsette via programavtaler

	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
Avd. Stord	11	11			
Avd. Haugesund	16	16			
ALK			5	2	2
ATØM			4	6	4
AHF			8	4	4
Administrative			1	2	2
Sum	27	27	18	14	12

Vedkomande EU-prosjektar og EU-finansiering, har me svært låge tal. I det heile har me lite eigne prosjekt, og den tildelinga me kan vise til er svært låg, og gjeld tilsette her som er deltakarar i liten målestokk i mindre EU prosjekt. Me er klar over at her har me ein stor utfordring med å hente inn nye prosjektmidlar frå EU. Kva er gjort og kva gjer me. Som det kjem fram av rapport annan stad, er me deleigarar i Stavanger regionens EU kontor og EU fagenheten i Stavanger. Desse einingane er svært viktige som rådgjevarar og bindeledd mot aktuelle samarbeidspartnarar. Dei innehar kunnskap om EU og EU aktivitetar som me drar nytte av. I tillegg arbeidar me for å auke den interne kunnskapen og kompetansen om EU. Vår FOU koordinator var i den samanheng våren 2008, på eit hospitant opphald ved Stavanger regionens EU kontor.

I løpet av hausten vart arbeidet med ein EU søknad mot 7 RP/SSH starta. PES midlar via forskingsrådet vart bevilga. Prosjektsøknad vart levert med HSH som koordinator, innan fristen som var 13.januar 2009. Prosjekttittel: "Educational Keys to the Future: Assessing the Impact of Key Competences in New Educational, Cultural, Virtual and Workplace Contexts and Practices for the Young European Citizen". Totalt 11 partnarar i frå England, Irland, Polen, Nederland, Finland, Spania, Slovenia, Hellas.

Dette arbeidet har og gitt oss mange erfaringar som kan vere til nytte i nye prosjektsøknader mot EU. Me vurderar sjansen for å nå igjennom med vår EU søknaden å være så pass marginal, at me vel å ikkje leggja denne inn i resultatmålet for 2009. Men – me meiner kvaliteten på søknaden er særskilt god. Om søknaden likevel skulle gå igjennom, vil me sjølvsagt utførleg kome attende med utgreiing om dette i rapport for 2009.

Tabell 19 EU-tildeling per undervisnings- og formidlingsstilling

	Resultat					Resultatmål
	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Avd. Stord	210 000	59 000	61 000			
Avd. Haugesund	0	0	0			
ALK				147 000	73000	
ATØM				0	0	
AHF				0	0	
Sum per undervisnings-, forsknings og formidlingsstilling (kroner) (156, 2008)	1 317	375	400	964	468	0

Verksemdmål 2.2

Høgskoler som tildeles stipendiatstillinger skal sørge for god gjennomføring av forskerutdanningen.

Me syner til utgreiing ovanfor.

SEKTORMÅL 3

Høgskolene skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultat. Høgskolene skal også legge til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

- ***Omtale arbeidet for å styrke bidraget til regional utvikling og innovasjon***

Høgskulen bidreg til regional utvikling i samhandling med offentleg og privat arbeidsliv på mange arenaer. Vårt bidrag er fyrst og framst å spreia kompetanse gjennom denne samhandlinga og gjennom kandidatproduksjon. T.d. skriv alle våre ingeniørstudentar sine bacheloroppgåver ute i arbeidslivet. Me har partnerskapsavtalar med reiarlag og store industriverksemder. Og me har eit stort omfang på skreddarsydde kurs for offentlege og private verksemder.

I våre forskingsprosjekt, er me særst bevisste på å trekkje med andre relevante lokale aktørar.

Det er samarbeidspartnarar alt i frå skular, førskular, helsetenester osv. Dette er eit svært gjevande samarbeid som verkar gjensidig utviklande. Den maritime satsinga inneber eit utstrakt samarbeid med kontraktørar innan maritime offshore operasjonar.

- ***Omtale arbeidet med å auke dei eksternfinansierte inntektene***

Som vist under sektormål 2 har høgskulen auka forskingsinnsatsen kraftig dei siste åra. Dette skjer primært gjennom finansiering frå NFR. Men også lokale industripartnarar bidreg med store summer (4.3 mill kr). Me utviklar og køyrer utdanningar og kurs som er eksternt finansierte. Me fekk nyleg tilsagn frå industrien på inntil 1 mill kr årleg i fem år for utvikling av masterutdanning i teknisk sikkerhet. Studieåret 08/09 har me eit samla studietilbod på 780 studiepoeng på etter- og vidareutdanning.

Under sektormål 2 omtalar me også arbeid med å auke løyvingar i frå forskingsrådet og EU. Me meiner det er eit tidsspørsmål før me får tilslag på EU midlar; anten som medpartnarar i utanlandske prosjekt, eller som koordinator i eigne prosjekt med internasjonal medverknad.

- ***Omtale arbeidet med å gjera utdanningane tilgjengelege og fleksible for heile befolkninga, uavhengig av bustad og livssituasjon***

Grunnutdanningane våre er lagt opp som heiltidsstudium. Men me ser av studiepoengproduksjonen pr. student at mange tek utdanninga over lengre tid. Mesteparten av EVU-tilboda våre går deltid, og dei fleste studentane våre her går i full jobb ved sida av utdanninga. Mange utdanningar er også nettstøtta og samlingsbaserte, noko som aukar den geografiske fleksibiliteten.

HSH dekkar primært regionen mellom Bjørnefjorden og Boknafjorden, og med distrikta innafør. I lag med kommunar og næringsliv køyrer me mange kurs og utdanningar desentralisert i dette området. Me held også meir spesialiserte kurs desentralisert til Oslo, Bergen og Stavanger.

- ***Vise tiltak for å styrke publisering og formidling***

Publiseringsaktiviteten ved HSH har auka monaleg dei siste åra. Me tenkjer her på aktivitet som gjev utslag i publiseringspoeng. Innan alle avdelingane våre føregår det fou-arbeid der regionen ved kommunar, helseføretak og næringsliv er trekte aktivt inn som deltakarar. Dette gjev ein vesentleg formidlingseffekt. Høgskulen er også medarrangør av viktige årlege faglege konferansar på baa studiestadene. Elles brukar våre tilsette mediene aktivt til formidling.

I 2007 gjorde høgskolebiblioteket fleire tiltak for å støtte oppunder og auke publiseringa og formidlinga. Mellom anna 3 kurs innan akademisk skriving som samla i alt 72 deltakarar. Slik sett, når me ser dette i lys av den positive utviklinga for 2008, kan me nok seia at desse tiltaka kan ha vore med på å bidra til dei gode publiseringstala for 2008.

I 2008 er det ikkje gjennomført slike tiltak. Dette er mellom anna på grunn av prioriteringar i lys av økonomisituasjon. Kor vidt dette igjen gjer seg utslag på publiseringstala for 2009, står att å sjå. Me trur også at den dynamikken som vert skapt i FOU-teama i dei ulike forskingsprogramma, skal syte for at publisering- og formidlingsaktivitetane vil halde seg på noverande nivå. Når dei ekstern finansierte forskingsprosjekta nærmar seg prosjektslutt (2010), forventar me også at publisering- og formidlingsaktivitetane vil auka då dette vil vere naturleg i avsluttande forskingsfase.

Me har også ein etablert støttefunksjon på språkvask. Både for publisering i internasjonale tidsskrift, men også for språkleg gjennomgang på nasjonale publikasjonar.

Totalt sett har me i 2008 ein positiv utvikling vedkomande publiseringssomfang og innhald. Bak tala kan me syne til ein større fagleg breidde i publiseringaktivitetane. Me er tross dette veldig avhengige av einskilde forskarar som publiserar særskilt mykje. Men slik sett har me og eit stort vidare potensiale i og med at fleire forskarar kan kome ut med sine publiseringar.

Tabell 20 Publikasjonspoeng per undervisnings- og formidlingsstilling

	Resultat					Resultatmål
	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Avd. Stord	3	5	2			
Avd. Haugesund	6	9	11			
ALK				5,7	2,7	8
ATØM				23,6	37,5	30
AHF				6,2	12,8	15
Publikasjonspoeng pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,06	0,09	0,08	0,14	0,3	0,3

Pr. avd. er oppgitt i publikasjonspoeng

Verksemdmål 3.1

Høgskolene skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultat frå FoU-verksemda.

Kor er utfordringane knytta til oppfylling av verksemdmålet størst ?

Dei største utfordringane knytt til dette verksemdsmålet er :

- utvikla forskingsprosjekt med samfunnsaktuelle problemstillingar og tema
- fokus på nytteverdi og anvendelse av forskingsresultat
- fokus på brukarperspektiv i forskingsarbeidet
- aktiv inn mot massemedia

Alle våre forskingsprosjekt har i løpet av året vore omtala i massemedia. Alt i frå lokale avisar og tv kanalar til meir nasjonal dekning i dei større nyheitskanalane. Det er i stor del så langt berre positive nyheiter, og me meiner dette løftar høgskulen på ein særskilt positiv måte.

Viser til omtale under sektormål 3.

Verksemdmål 3.2

Høgskolene skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping.

Kor er utfordringane knytta til oppfylling av verksemdmålet størst ?

Dei største utfordringane knytt til dette verksemdsmålet er :

- vidareutvikle kontakten med samarbeidspartar
- nytta samfunns- og næringslivspartnarar som aktive deltakarar i forskingsprosjekta
- fokus på nytteverdi og anvendelse av forskingsresultat, og i prosjektmål
- utvikle eigen kompetanseprofil (institusjonell) i retning av innovasjonskunnskap og verdiskaping

Høgskulen har eit nært samarbeid med petromaritim næringsklynge og deltek i ulike samarbeidsfora saman med organisasjonar og enkeltbedrifter. Utfordringa er å utvikle dette samarbeidet til konkrete prosjekt. På utdanningssida er me komen godt i gang med det me kallar ”prosjektlederskolen”, og som skal bestå av diverse utdanningstilbod til bedrifter og personell som vesentleg arbeider prosjektrelatert. Skreddarsydde kurs mot enkeltbedrifter eller bedriftsklynger er prioritert. På FoU sida har me i løpet av 2008 etablert forskingsprosjekt med finansiering frå forskingsrådet innan maritim næring kort benemnt ”Organisatorisk kompleksitet i maritime operasjonar”. Dette er eit 4-årig prosjekt som inkluderar både industripartnarar (7 stk) og FoU partnarar (5 stk inkl. HSH). Me samarbeider med institusjonane innan Helse Fonna HF, med praksisopplæring, med institusjonar og sengepostar som feltarenaer i fleire mindre FOU prosjekt. Me har inngått tettare samarbeid med einskilde sjukeheim med status som ”undervisningssjukeheim”.

Innan lærarutdanning er et oppretta eit eige felles samarbeidsorgan med dei ulike kursregionane, og dei største vertskommunane innan praksisopplæring. Dette er ein forsøksordning finansiert av Utdanningsdirektoratet. Resultatet av arbeidet i 2009, vil syne kor vidt denne etableringa vil forlengast utover året.

Viser til omtale under sektormål 3.

Det økonomiske omfanget av EFV, tabell 21, er omtala under verksemdmål 4.3.

Tabell 21 Omfang av eksternt finansiert verksemd EFV

	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
SUM i 1000 kr	11 601	18 780	17 829	13 001	19 434

SEKTORMÅL 4

Høgskolene skal ha ei personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane.

- ***Vise korleis styret vurderer sitt ansvar for måloppfølging herunder***
 - *vektingen av faglege versus administrative ressursbehov*
 - *administrativ kapasitet og kompetanse for å sikre god kvalitet i økonomiforvaltningen*
 - *korleis prinsippa for god eigarstyring blir følgd opp i randsona*
 - *omfang og utvikling av utsett verksemd og grunngeving for behovet for avsetningar til strategiske føremål*

Styret har vore gjennom sitt fyrste heile driftsår i 2008. Dette året har vore prega av å revidere styringsdokument som strategiplan, handlingsplan, rapportar til å få ei form og eit innhald som spissar desse mot mål og resultat på styrenivå. I 2009 følgjer styret opp i sin handlingsplan med nærare strategi og langsiktige handlingsplanar for sentrale funksjonsområder som FOU og internasjonisering. Styret har også i sin handlingsplan for 2009 ein gjennomgang av den administrative organiseringa, herunder kjem vurdering av administrasjon versus fag, administrativ kapasitet og kompetanse innan alle dei administrative områda.

HSH er medviten staten sine prinsipp for god eigarstyring og legg desse til grunn ved forhandlingar i styre og generalforsamling. Selskapa HSH har aksjar i er blitt orientert om innhaldet i St.meld.nr. 13 (2006-2007) om etiske retningslinjer og samfunnsansvar.

I 2008 er tildelinga frå KD brukt i budsjetterminen. Av tidlegare års avsetjing til strategiske formål er nytta kr. 583 000 i 2008. Dette er bruk som følgjer av rekneskapsoppgeret pr 31.12.2008.

Det er endringar i avsette midlar til prosjekt, note 15. Dette er normale endringar som følgje av at tildeling, planlegging og gjennomføring avvik frå budsjetterminen.

- ***Vise om institusjonen har etablert etiske retningslinjer som dekkjer både den faglege og den administrative sida***

HSH har ei fastsett etisk 'Verdiplattform' som gjeld studentar og tilsette. Denne er generell, og vi har ikkje etablert eigne etiske retningslinjer knytta spesielt til FOU eller administrasjon.

- ***Omtale oppfølging av at institusjonen fullt ut følgjer det til ei kvar tid gjeldande regelverk for anskaffing og forvaltning av bidragsprosjekt og oppdragsprosjekt***

HSH har nedfelt i sine rutinar at alle innkjøp skal skje etter konkurranse i samsvar med staten sine retningslinjer for kjøp av varer og tenester. Men det kan nok førekome at kjøp vert gjort utan at rutinen er følgt fullt ut. Her er forbettringspotensiale.

HSH er med i prosjekt under Uninett om innføring av konkurransegjennomføringsverktøy – KGV og bestillingssystem. Det er teikna avtale med IBX Noreg AS om e-handelsplattform.

Rutinar vil bli oppdatert i samband med at nye elektroniske system skal takast i bruk i 2009.

Gjeldande retningslinjene for forvaltning av bidragsprosjekt og oppdragsprosjekt er lagt til grunn i rekneskapsføringa i 2008. Det har medført at ein del prosjekt er blitt omklassifisert.

- ***Omtale institusjonen si oppfølging av eigen intern kontroll, ref. reglement for økonomistyring i staten §14 – relatert både til system og kvalitetsstyringsrutiner.***

Rutineutvikling har som formål å få til sikker og effektiv økonomiforvaltning. I 2008 har det vore oppdatering/vidareutvikling av rutinar for innkjøp, fast og variabel lønsberekning, lønsføring og reiseoppgjjer.

God ressursstyring og kostnadskontroll må byggja på kjennskap om kostnadskomponentane i organisasjonen. I 2008 er det brukt mykje tid til å finna kostnadene på emnenivå i studiane. Innanfor tilgjengelege ressursrammer vil reglement og rutineutvikling bli prioritert vidare i 2009.

Undervising og forskning er aktivitetar som gjennom semester- og årsplanar gjev avgrensa høve til endringar i planperioden. Det er område kor det ikkje har vore råd å føreta nødvendige korreksjonar i drifta i 2008. Konsekvensen har vorte budsjettoverskriding.

Verksemdsmål 4.1.

Høgskolene skal føre ein aktiv arbeidsgjevpolitik som bidreg til å rekruttere og utvikle kompetanse som reflekterar institusjonen sine oppgåver og ansvarsområder.

Kor er utfordringane knytta til oppfylling av verksemdmålet størst ?

Dei største utfordringane knytt til dette verksemdsmålet er:

- Stram økonomi reduserer handlingsrom for kompetanseutvikling/FoU
- Ugunstig alderssamansetjing i delar av organisasjonen medfører risiko
- Fornyng av FOU-strategi, inkl. kompetanseutvikling
- Kompetanseutviklingsplanar i avdelingane

Kompetanseutvikling

HSH oppnådde målsett auke i antal tilsette på professornivå med to heile stillingar. Høgskolen oppnådde ikkje målsett auke i talet på førstestillingar. Pensjonsavgangar var viktigaste årsak til manglande måloppnåing. HSH har tilsette med førstekompetanse i andre stillingar, som ikkje gjev utteljing i gjeldande DBH-tabell.

Dei siste åra har Høgskolen Stord/Haugesund satsa på rekruttering av fleire tilsette med førstekompetanse, men også utvikle eigen kompetanse. I 2008 hadde vi totalt 15 stipendiatar, som utgjorde omkring 10% av HSH sine faglege tilsette. I tillegg har vi dei seinare åra hatt ei målretta satsing på kompetanseheving til førstelektorernivå, via Vestnorsk Nettverk. Alderssamansetjinga i den faglege staben, spesielt innan lærarutdanningane og sjukepleie, er slik at vi naturleg vil miste ein del av fagkompetansen dei næraste åra. Det er viktig for HSH å få på plass nye kompetanseutviklingsplanar, og nytte desse aktivt i rekruttering og vidareutvikling av eigen kompetanse. Sjølv om det dei siste åra er gjort svært mykje innan kompetanseheving i helsefagmiljøet, ser ein at dette framleis må vera eit høgt prioritert område, med ein førstekompetanseandel på 15 % (obs. annan utrekningsmåte enn i NOKUT-godkjenninga).

Samla for institusjonen har vi ein andel førstekompetanse på 0,24 i faglege stillingar, som i gjennomsnitt ligg over NOKUT-kravet til kompetanse i bachelorutdanningane.

Tabell 22 Andel førstestillingar av totalt antal undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar

	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
Avd. Stord	0,21	0,21			
Avd. Haugesund	0,16	0,23			
ALK			0,29	0,26	0,26
ATØM			0,32	0,35	0,35
AHF			0,11	0,15	0,20
Sum	0,18	0,22	0,24	0,25	0,26

Verksemdsmål 4.2

Høgskolene skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv

Kor er utfordringane knytta til oppfyljing av verksemdmålet størst ?

Dei største utfordringane knytt til dette verksemdsmålet er :

- Likestilling: etablera ny handlingsplan for likestilling
- Arbeidsmiljø: kartlegging av psykososiale arbeidsmiljøfaktorar

Arbeidsmiljø

I samarbeid med bedriftshelsetenesta vart det gjennomført arbeidsplassvurderingar og oppfølgingstiltak. I tråd med delmål i samarbeidsavtale om inkluderande arbeidsliv var sjukefråværet i HSH lågare enn gjennomsnittet for undervisningssektoren i Noreg.

Arbeidsmiljøutvalet starta planlegging av ei trivselsundersøking blant tilsette. Gjennom denne undersøkinga vil HSH i 2009 få kartlagt psykososiale arbeidsmiljøfaktorar som grunnlag for vidare arbeid.

Likestilling

Nytt likestillingsråd vart etablert i samsvar med handlingsplan 2008.

57,5 % av dei tilsette ved høgskolen er kvinner. Blant dei fagleg tilsette er kvinneandelen 54,6%, medan den i administrative stillingar er 64,9%. Samansetjinga er nokså tradisjonell, helsefag har høg kvinneandel, medan den er tilsvarende låg innan tekniske/økonomiske/maritime fag. Kvinneandelen blant dei med 1.kompetanse er 38%. Stipendiatane har ein kvinneandel på nærare 80 %. Dette indikerer ein auka kvinneandel innan 1.kompetanse som vart fokusert i tidlegare handlingsplan for likestilling.

Tabell 23 Andel kvinner

	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
Andel kvinner, totalt og etter stillingskategori					
Administrasjon	68,7	65,1	63,1	64,6	64
Avd. Stord	50,9	55,5			
Avd. Haugesund	47,3	45,3			
ALK			47,0	51,0	51
ATØM			32,1	34,8	35
AHF			78,9	78,0	75
Sum	55,3	55,2	56,0	57,5	56,8

Verksemdsmål 4.3

Høgskolen skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga med fokus på god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning som tek omsyn til institusjonen sine strategiske prioriteringar.

Kor er utfordringane knytta til oppfylling av verksemdmålet størst ?

Dei største utfordringane knytt til dette verksemdsmålet er :

- å få gode og koordinerte rutiner knytt til ressursdisponering og prioritering på emnenivå og studienivå
- nytte detaljkunnskap i strategiske prioriteringar

Høg kvalitet i økonomiforvaltninga og effektiv ressursforvaltning krev samspel mellom tenestene i Økonomitenester og den faglege leiinga på avdelingsnivå. Økonomitenester har i 2008 framskaffa detaljkunnskap om kostnader på emnenivå. Denne kunnskapen kan gi effektiv ressursstyring, men det krev at fagleg leiing brukar denne kunnskapen i planlegging av fagleg aktivitet, men at vi også vidareutviklar og koordinerer rutiner for ressurs- og økonomistyring på ulike område.

Kopi av tabell 21 under verksemdmål 3.2:

Tabell 21 Omfang av eksternt finansiert verksemd EFV

	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
SUM i 1000 kr	11 601	18 780	17 829	13 001	19 434

Eksternt finansiert verksemd viste mindreinntekt på kr. 3 900 000 i høve til målet for 2008. Betalingsviljen for etter- og vidareutdanning er blitt mindre og etterspurnaden har dreia mot fleire internt finansierte kurs. Noko av mindreinntekta i 2008 vil bli kompensert med resultatbasert tildeling i 2010.

Det er og eit kapasitetsspørsmål om kor stort omfang eksternt finansiert verksemd naturleg kan ha i HSH. Utfordringa har vore å utnytta ledig fagleg kapasitet til etter- og vidareutdanningskurs. Etter som HSH har fått fleire større forskingsprosjekt, m.a. finansierte frå NFR, har kapasiteten til EVU blitt mindre. Over tid må det etablerast balanse mellom grunnutdanning, etter- og vidareutdanning og forskning.

RAPPORTERING 2008

- TILLEGG TIL MÅLSTRUKTUREN

Tilleggskrav til rapportering for 2008 gitt i tildelingsbrevet 2009 pkt. 4.1

- ***Rapportering om styret sitt arbeid***

Styret har hatt 6 styremøter pr. år, inkl. 1 styreseminar over 2 dagar. Hovudvekt av saker som styret har handsama har vore inno m områda; Strategisk utvikling, planlegging og oppfølging, kontroll med budsjettstyring, rekneskap og ressursstyring og organisering av institusjonen. Særleg utvikling av strategisk plan for 2008 – 2016 og arbeidet med å etablere eit kvalitetssikringssystem etter NOKUT sine krav, har styret følgt nøye opp.

Styret er samansett etter normalfordeling (11 repr.). Styret har fungert godt med god oppfølging og fokus på sentrale saker.

HSH har ikkje hatt revisjonsmerknader i 2008.

Viser også til pkt. under om styreforankring av risikostyring.

- ***Rapportering om forvaltning av fullmakter***

HSH har eigarskap i fleire regionale aksjeselskap. Ein føresetnad for dette er at me får ein styreplass. Vårt bidrag er ikkje finansielt, men kompetansemessig grunngeve.

ResQ AS skipa høgskulen i si tid ved å skilja ut sikkerhetsavdelinga. Me har gjennom dette god kontakt med og påverknad på sikkerhetsarbeidet, spesielt offshore. Studentane nyttar også anlegget til øving og prosjekt. Vår eigardel er om lag 0.3 %.

Vår industriretting i Sunnhordland er via Ateno AS. Selskapet er i all hovudsak eigd av industrien og driv innovasjon og nyskaping innan industrifeltet. Vår eigardel er 5 %.

Haugaland kunnskapspark AS er meir generelt retta mot næringslivet og er eigd av indstri og offentleg sektor i Rogaland. Vår eigardel er 1%.

Fanari AS er ein kunnskapspark retta mot kulturlivet i Sunnhordland. Her er me med for å skapa ei innovasjons- og nyskappingsverksemd for kultur i vid forstand. Vår eigardel er 13.8%.

Rapportering i høve til tildelingsbrevet for 2008, pkt-henvisning til tildelingsbrevet

4.3.2 Rapporteringskrav for styreforankring av risikostyring

Styret har lagt vekt på å få sentrale saker risikovurdert. Dette er ein del av utviklingen av plansystemet. Verksemda nyttar heilt konkret risikostyring som del av arbeidet med dei årlege handlingsplanane og prosjekt. Dette er grunnlag for styret sitt arbeid med plansaker, og risikovurderingane ligg derfor til grunn for prioritering og styret si handsaming. Vedlagt handlingsplan for 2009 er eit notat om HSH si tilnærming til risikostyring.

Risikovurdering er fortsatt nytt i verksemda, og vi har valgt ei enkel tilnærming for å starte implementeringa ved å ha fokus på innfallsvinkel og grunnbegrepa. Vår tilnærming byggjer på

hovedelementa i vegleiar gjeve av SSØ. Vedlagt handlingsplanen for 2009 ligg eit eige notat om vår tilnærming til risikostyring i planarbeidet.

Ved nye studietilbod blir det utarbeida 'planskjema' med rammebetingelsar, og som ligg til grunn for risikovurdering i høve til igangsetjing.

4.3.3 Rapporteringskrav for tverrdepartementale fellesføringar

(2.7.1) Statsstøtte etter EØS-artikkel 61, jfr. artikkel 59 nr. 2

HSH har ikkje utført samfunnsoppdrag der statsstøtte etter ovannemnde regelverk har vore relevant.

(2.7.2) Miljøleining i statlege verksemdar

HSH har ikkje verksemd som påverkar det ytre miljøet i vesentleg grad. Institusjonen har styrevedtak om vurdering ISO sertifisering på miljøområdet. Ein er komen fram til at ISO sertifisering kan vera eit for høgt ambisjonsnivå i første omgang. Det vert no arbeid for sertifisering som "Miljøfyrtårn" i 2009.

(2.7.3) Samfunnsikkerhets- og beredskapsarbeid

HSH har identifisert tre ulike område som det har vore arbeid med over lengre tid.

Beredskapsplan ved krise, ulykke og død. Det er utarbeidd og implementert ein plan som omhandlar studentar og tilsette. Det oftast førekomande er brå død blant studentar. Planen omfattar ansvarsplassering, organisering, informasjon, ivaretaking av pårørande, minnestunder etc. Desse tilfella gjev oss god samhandling med helsestell, politi, kyrkja og media. Informasjonskonsulenten har også særskild kompetanse i mediehandtering.

Pårørandesenter. Høgskulebygget i Haugesund har vore utpeika/tilrettelagd som pårørandesenter ved større ulykker i regionen. Politimesteren i Haugaland og Sunnhordland har no til vurdering om dette senteret skal leggast ned.

Informasjonssikring. Det er utarbeidd ein eigen plan for informasjonssikring i HSH som skal vedtakast no i vår. Planen er utarbeidd i samarbeid med UNINETT.

Det har ikkje vore utført egne ROS-analysar i HSH.

Me er med i Beredskapsrådet i Haugesund.

(2.7.4) Helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid (HMS)

System for helse, miljø og sikkerhet for Høgskolen Stord/Haugesund (internkontrollhandbok) omhandlar HMS med utgangspunkt i *Arbeidsmiljølova* og *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter*. Arbeidsmiljøutvalet handsama revisjon av internkontrollhandboka. Det er eit mål at arbeid som vert utført ved høgskolen ikkje skal føre til skadar på menneske, miljø eller materielle verdiar.

I 2008 vart det ikkje registrert fråværskskadar etter arbeid utført av tilsette. Høgskolen fekk ikkje pålegg frå tilsynsorgan.

(2.7.5) Likestilling – aktivitets- og redegjørelsesplikten

Eit nytt Likestillingsråd vart oppretta i samsvar med styrevedtak. Likestillingsrådet gjev råd om likestillingsarbeidet i samsvar med gjeldande lov- og regelverk, blant anna Lov om universitet og høgskolar, Likestillingslova, Arbeidsmiljølova (kap.13 Vern mot diskriminering), Diskrimineringslova og Hovudavtalen i staten.

Arbeid med ny handlingsplan for likestilling byrja i 2008.

Rapportering av kjønnsfordeling i ulike stillingar og for høgskolen totalt går fram av DBH-tabell Tilsatte (kolonne: Kvinner %).

Når det gjeld gjennomsnittsløn for kvinner og menn, var lønsplasseringa for kvinner i stillingskode høgskolelektor (stillingskategorien med flest tilsette i HSH) i gjennomsnitt eitt lønstrinn høgare enn for menn. Når det gjeld førstestillingar var lønsplasseringa for kvinner i gjennomsnitt eitt lønstrinn lågare enn for menn.

(2.7.6) Systematiske brukarundersøkingar

Høgskolen Stord/Haugesund har i fleire år gjennomført ulike type brukarundersøkingar knytt til studentane, og undersøkingane, og oppfølging av desse, er no ein integrert del av kvalitetssikringssystemet.

Den store brukarundersøkinga gjer vi i den årlege 'Trivnadsgranskinga' som går til alle studentane. Denne undersøkinga har to hovuddelar, ein om læringsmiljø og ein om programkvalitet. Programkvaliteten for alle studiene ved HSH vart i 2007 og 2008 evaluert ved hjelp av spørjeskjemaet "Erfaringer med studiet" (EMS). Dette skjemaet er ein norsk versjon av "Course Experience Questionnaire". I denne undersøkinga evaluerer studentane programkvaliteten ut frå påstandar knytta til faktorane god undervisning, klare mål, gode vurderingsformer, passande arbeidsbyrde, generelle ferdigheter og studentautonomi.

Læringsmiljødelen i undersøkinga har Læringsmiljøutvalet ansvar for. Her inngår også spørsmål knytt til Studentsamskipnaden.

Vi har årleg ein undersøking blant dei nye studentane, knytt til rekruttering, mottaking, og kunnskap om studenten sine føresetnader for å studera (familiesituasjon, tilleggsjobb, pendling osv.).

I 2008 hadde vi også relevansundersøking i studia Praktisk pedagogisk lærarutdanning og Førskolelærarutdanninga.

(2.7.7) Retningsliner for lønn til leiande tilsette i statsaksjeselskap

Ikkje aktuelt for HSH

(2.7.8) Integrering og inkludering av personar med innvandrabakgrunn

Basert på føreliggjande opplysningar hadde høgskolen 14 tilsette med innvandrabakgrunn pr. 1.1.2008. 13 av desse personane var tilsett i fast stilling. For 2008 var det eit mål å rekruttera minst ein nyttilsett med innvandrabakgrunn. Timelærarar og tilsette i bistillingar er ikkje rekna med i talet på tilsette med innvandrabakgrunn.

Pr. 1.1.2009 hadde høgskolen registrert 16 tilsette med innvandrabakgrunn. 14 av desse personane var tilsett i fast stilling. Rekruttering av to nyttilsette i 2008 fann stad etter ekstern utlysning av ledige stillingar.

Basert på DBH-tabell for tilsette (årsverk) og tala ovanfor, auka prosentdelen av tilsette med innvandrarbakgrunn frå 5,6 % pr. 1.1.2008 til 6,5 % pr. 1.1.2009.

Definisjonen av personar med innvandrarbakgrunn i tildelingsbrevet medfører at alle tilsette bør fylla ut "Skjema for kartlegging av personer med innvandrerbakgrunn". IMDI presiserer at det ikkje skal fyllast ut namn på dette skjemaet. Registreringa skal vera anonym, og det er friviljug for den einskilde å svara på skjemaet. Med desse føresetnadene er det neppe mogeleg å oppnå ei fullgod registrering av alle tilsette med omsyn til innvandrarbakgrunn.

(4.3.4 Økonomirapportering)

Sendt i eigen sending.

(4.3.5 Rapportering til DBH)

Er registrert i databasen i høve til egne fristar.

4.3.6 Selskapsdatabasen

- ein kort rapportering om korleis høgskulen har følgd opp Selskapsdatabasen i 2008.

Rapportering i selskapsdatabasen skjer etter kvart som det kjem rapporteringsverdige data/informasjon frå selskapa HSH har eigelutar i. I juni og juli månad 2008 vart føreteke ein grundig gjennomgang av status i selskapsdatabasen og manglande data vart lagt inn så langt det var mogeleg å få desse frå aktuelle selskap. Fanari AS, nyetablert selskap i 2008, hadde ikkje levert fullstendige data pr. 31.12.2008. Det er purra på selskapet om å levera omgåande.

4.3.7 Øvrig rapportering

- *Aktivitetskrav 2007/08*

Antal 60-studiepoengseiningar første studieår :

	Aktivitetskrav 07/08	Resultat
Sjukepleie	153	168,2
ABIOK	10	19,6

Aktivitetskravet frå Kunnskapsdepartementet er nådd for studieåret 07/08. Frå 1.7.07 fekk spesialsjukepleiarutdanninga i anestesi-, intensiv og operasjonssjukepleie resultatbasert finansiering.

- *Rapportering på doktorgradsavtaler der annan institusjon er gradsgivande.*

Samtlege doktorgradsavtaler, haust 2008

Studium (DBH-Kategori)	Finansiert over Institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges Forskningsråd		Finansiert over Andre eksterne kilder		Sum	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
HELSEFAG	7	6	-	-	-	-	7	6
SAMVIT	6	4	4	3	1	1	11	8
HUMAN	1	1	-	-	-	-	1	1
MATEMATIKK- DIDAKTIKK	1	-	-	-	-	-	1	-
TEKNOLOGI	1	1	-	-	-	-	1	1
Totalt	16	12	4	3	1	1	21	16

Tala inneber ei auke i frå 2007. Dette skuldast mest etableringa av fleire forskingsrådsfinansierte prosjekt, der finansiering av stipendiatar var inkludert i tildelinga (ein per prosjekt). Samstundes kan me berre dokumentere ein kandidat som har disputert i løpet av året.

Nye doktorgradsavtaler, heile 2008

Studium (DBH-kategorier)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges Forskningsråd		Finansiert over andre eksterne kilder	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
SAMVIT	1	0	3	2	-	-
Totalt	1	0	3	2	0	-

Blant våre phd kandidatar er det i 2008 teikna 3 nye doktogradsavtalar. Desse avtalane er teikna ved NHH, UiB, og DPU (Danmarks Pedagogiske Universitet). Alle desse er finansierte over Noregs Forskningsråd. Ny doktorgradsavtale finansierte over grunnbudsjett er tilknytt UiS.

Avlagte doktorgrader, heile 2008

Studium (DBH-kategorier)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges Forskningsråd		Finansiert over andre eksterne kilder	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
SAMVIT	1	1	-	-	-	-
Totalt	1	1	0	0	0	-

(4.3.8) Disponering av tildelte midlar for 2009

Jfr. §7 i Reglement for økonomistyring i staten og kap.2.1 i bestemmelsar om økonomistyring i staten. Inngår i oversendinga.

Jfr. pkt. 2.6.9 Oppfølging av IA-avtalen

Høgskolen har rapportert sjukefråvær til DBH fordelt på stillingskategoriar og kvinner/menn i samsvar med tildelingsbrev. Høgskolen har tidlegare inngått samarbeidsavtale om inkluderande arbeidsliv (jf. førespurnad under DBH-tabell). Kontaktmøte med NAV Arbeidslivssenter vart gjennomført med sikte på reduksjon av sjukefråvær. Bedriftshelse-tenesta vart brukt som fagressurs.

Det vart i 2008 registrert eit gjennomsnittleg sjukefråvær for alle tilsette på 4,4 %.

Gjennomsnittleg sjukefråvær for kvinner er vesentleg høgare enn for menn (same trend som i resten av landet).

Høgskolen og tenestemannsorganisasjonane inngjekk avtale om seniorpolitisk tiltak med heimel i Hovudtariffavtalen, punkt 5.9.1 b) om ekstra tenestefri med løn for arbeidstakarar over 62 år. Intensjonen med tiltaket er å motivera eldre arbeidstakarar til å stå lenger i arbeidet før pensjonsavgang. Den gjennomsnittlege alderspensjoneringsalderen i HSH er no om lag 65 år.

3. PLAN

3.1 Plan for verksemda i 2009

Høgskolestyret sin handlingsplan vart vedtatt i høgskolestyret 10.desember 2008 :

- * Gjennomføring av prosjekt 'marknadsføring og merkevarebygging'
- * Prosjekt 'førsteårsstudenten' i grunnutdanningane
 - senke fråfallet blant studentane
 - auka gjennomstrømming
 - høgare fagleg og pedagogisk "trøkk" med tydelege faglege og pedagogiske krav.
- * Prosjekt; Utvikla framtidens lærarutdanning
- * Auka aktivitet innan EVU-tilbod, primært eksternfinansiert
- * Utvikle ein masterutdanning i teknologiske fag innafor tildelt økonomisk ramme.
Utvikle ein masterutdanning i øk/adm fag innafor tildelt økonomisk ramme.
Utvikle ein masterutdanning i helsefag innafor tildelt økonomisk ramme.
- * Utarbeide student-charter for HSH (sørvisfråsegn) i samarbeid med Studentparlament, Studentsamfunnet og Studentsamskipnad
- * Utarbeide internasjonal strategi til mai 2009
- * Utarbeide FOU- strategi til mai 2009
- * Utarbeide ein personalpolitisk plan, i samsvar med strategisk plan. Blir lagt fram for styret hausten 2009
- * Utarbeide ei utgreiing vedk. administrative tenester, kopling fag/administrasjon og strategiske faglege prioriteringar – til styret i mai
- * Vidareutvikla styringsverktøya for å få ein betre økonomisk internkontroll og betre grunnlag for ressursprioriteringar

I perioda etter dette møtet i høgskolestyret er det fastsett kvantitative styringsparametre innanfor dei områda Kunnskapsdepartementet ber om det, jfr. vedlegg til handlingsplanen. **Handlingsplanen blir fremma og vurdert ut frå ei risikotenking, og tiltak knytt til styret sin handlingsplan blir konkretisert nærare.**

Vedlagt følgjer notat om korleis administrasjonen har tilnærma seg risikostyring i handlingsplan-arbeidet.

I tilnærminga har vi tatt utgangspunkt i følgjande modell, modell henta frå SSØ sitt metodedokument :

Figur 1: Håndtering av risiko i mål- og resultatstyringen



Vi har nytta modellen slik :

Mål- og strategiar : gitt i sektormåla og HSH sin strategiplan

Kritiske suksessfaktorar : kva er mest kritisk for å nå måla, bakgrunnsanalyse for styringsparametrane

Styringsparametre : prioriterte område frå Kunnskapsdepartementet og styret (handlingsplan)

Risikoe: kva risiko er knytt til gjennomføring av styringsparametrane

Tiltak : kva tiltak set vi i verk for å redusere risiko og oppnå styringsparameteren og målet?

HANDLINGSPLAN FOR HSH 2009

1 UTDANNING OG LÆRINGSMILJØ

Sektormål 1 og HSH sin strategiplan ;

HSH skal gje tilbod om utdanning av høg internasjonal kvalitet, basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap

Virksomhetsmål 1.1 (gitt i KD sin målstruktur)

Høgkolene skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnets behov.

Virksomhetsmål 1.2(gitt i KD sin målstruktur)

Høgskolene skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og god gjennomstrømming.

Virksomhetsmål 1.3(gitt i KD sin målstruktur)

Høgskolene skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som bidreg til økt utdanningskvalitet

Styret sin handlingsplan

Prosjekt 'førsteårsstudenten' i grunnutdanningane

- *senke fråfallet blant studentane*
- *auka gjennomstrømming*
- *høgre fagleg og pedagogisk "trøkk" med tydelege faglege og pedagogiske krav.*

Kritiske suksessfaktorar som ligg til grunn for styret sin handlingsplan

Med bakgrunn i studentstatistikk og undersøkingar gjort ved HSH, ser vi at fråfallet er stort og gjennomstrømming for låg og at krav til studentane må bli tydelegare. Sjølv om rekruttering er kritisk, er det like viktig å sikre at vi beheld studentane og at det er ei tilfredsstillande gjennomstrømming. Dette er viktig for studentane, men også for HSH, som teikn på studiar med god kvalitet, og som grunnlag for økonomiske rammer.

Kort risikovurdering knytt til prosjekt 'førsteårsstudenten'

Det alle avdelingane trekkjer fram i si risikovurdering er studentane sine forkunnskapar, manglande motivasjon for studiet, for liten arbeidsinnsats frå studentane. ATØM trekkjer også fram riskiko ved ikkje tilpassa undervisningsopplegg og utdanningsplan og mangelfull sosial integrering. ALK ser den største risikoen knytt til årsstudia : motivasjon, krav, kopling mot FOU-prosjekta.

Tiltak

I januar vart det gjennomført Trivselsundersøking blant alle studentar og Læringsmiljøkonferansen vart helden. På bakgrunn av dette har rektor gitt følgjande styringssignal :

Kvalitetsområde som HSH, studiekvalitetsutvalet og studia skal ha særleg merksemd på, vurderer nærare granskning av, og utarbeida målretta handlingsplan for, er;

1. Undervisning.; Tiltak som kan heve fokus og status i HSH for arbeid med undervisningskvalitet, læraren som den viktigaste didaktiske faktor for læringsutbyte til studentane, lærarengasjement, utvikling av pedagogisk og didaktisk kompetanse

2. Fokus skal setjast særleg på Tilbakemelding frå lærar til student .(Den viktigaste faktoren for studentane sitt læringsutbyte)
(Målet her å få ein score på over 3,5 i alle emne og i alle studium)

3.Klassemiljø – klassetilhørighet – tiltak for å etablerer sterkare relasjonelle band mellom studentgrupper og lærarteam.

4.Studentinformasjon – etablere fornuftige og gode rutinar for effektiv informasjon.

5. Etablere tillistvalkurs for alle nye studentar – med positivt engasjement frå lærarar, og tilsette i HSH .

Avdelingane har utover dette laga følgjande tiltaksplan :

AHF :

- ei kartlegging av årsaker til fråfall og låg gjennomstrømming for å setja inn målretta tiltak
- tydelegare på forventningsavklaringar i emner, om å vera student, om å bli sjukepleiar, samt oppfølging av desse.

ALK :

- rette tiltak spesielt mot årsstudiene
- felles innføringskurs med mål om økt motivasjon for fagleg arbeid og læring
- presentere FOU-prosjekt, og med mogleg deltaking
- auke krav til studentane, mellom anna åpne for eksamen undervegs i semesteret
- synleggjering av administrative støttefunksjonar
- bruke dei mest erfarne lærerane første studieår.

ATØM:

- innførings-/motivasjonsseminar ved oppstart
- synleg studieleiar og studiekonsulent
- styrka matematikk-undervisning på alle studia
- vurdere utvida realfagleg kursing før inntak
- tilpassa undervisningsopplegg i øk/adm
- tilpasse utdanningsplaner til studentane sine behov

Styret sin handlingsplan

Utarbeide student-charter for HSH (sørvisfråsegn) i samarbeid med Studentparlament, Student-Samfunnet og Studentsamskipnad

Kritiske suksessfaktorar som ligg til grunn for styret sin handlingsplan

I undersøkingar gjort ved HSH er det eit forbetningspotensiale i å klargjere forventningar mellom studentar og høgskule, og å auke motivasjonen for tillitsvaldarbeid. Kva inneber det å ta eit høgskulestudium? Kva forventningar blir stilt ? Kva rettar og plikter har studentar, og kva støtte kan dei forvente å få ? Kva høve har studentane til å medverke i utvikling av studiet og institusjonen ? For

å få eit godt fungerande læringsmiljø og utvikling av dette er det eit tiltak å utarbeide og samle dette i eit såkalla 'Studentcharter'. Dette vil vera ei oppfølging av strategiplanen sin del om 'Læringsmiljø', og er eit tiltak som passar inn i arbeidet som avdelingane planlegg innanfor motivasjon og forventingsavklaring i 'Prosjekt førsteårsstudenten'.

Kort risikovurdering knytt til utarbeiding av studentcharter ved HSH

Få med engasjerte studentar og tilsette i arbeidsgruppa, og som ser verdien av å samle fakta og 'politikk' i eit dokument som forpliktar. Risiko for at dokumentet ikkje er tilstrekkeleg knytt opp mot strategiplanen og får ei utforming som forpliktar i organisasjonen.

Tiltak

Etablere ei arbeidsgruppe som utarbeider eit forslag til eit studentcharter med utgangspunkt i arbeid gjort ved andre høøgskuler.

Aktuelle områder :

- krav og forventningar til studenten i eit høøgskulestudium
- rettigheter og plikter for studenten
- forventningar til velferdstilbod
- kva fagleg oppfølging og anna støtte kan studenten forvente av HSH, og kva kvalitet
- kva muligheter har studenten til å vera med å samarbeide, delta i demokrati og medverke
- kva muligheter har studenten til å klage på høøgskulen si verksemd

Viktig å ha fokus mot strategiplan og oppfølging av denne.

Styret sin handlingsplan

Gjennomføring av prosjekt 'Marknadsføring og merkevarebygging'

Kritiske suksessfaktorar som ligg til grunn for styret sin handlingsplan

Ei god marknadsføring og eit godt omdømme er viktige suksessfaktorar for HSH inn i framtida, ikkje minst økonomisk.

I arbeidet med marknadsføring i HSH ligg til dømes:

- Studentrekruttering til grunnutdanningane regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Rekruttering av tilsette.
- Rekruttering av studentar til etter- og vidareutdanningar.
- Formidling av nyhende og forskning frå verksemda.
- Samfunnskontakt og relasjonsbygging: forskingsdagar, opne dagar, arrangement med meir
- Alumni

Arbeidet med marknadsføring og omdømme er omfattande - og kan lett bli fragmentert.

Me har eit godt system for sjølve studentrekrutteringa og har implementert det med årshjul og planar i kvalitetssystemet vårt. Men arbeidet med sjølve overbygginga: marknadsføring og omdømme, er ein langt meir krevjande og langsiktig prosess.

Vårt omdømme vert i hovudsak bygd gjennom læringsmiljøet og resultata og kvaliteten på våre primæraktivitetar, samt atferda og sørvisen frå alle i HSH. Tilfredse studentar og positiv omtale er i hovudsak den beste marknadsføringa me kan få, og den beste drivaren for eit god omdømme.

Samstundes veit me at omdømmet også vårt vert påverka av andre forhold som til dømes demografi, konjunkturar, nasjonale søkjetrendar, strukturelle forhold som studietilbod, oppbygging av studiet, mm.

Kort risikovurdering knytt til gjennomføring av prosjekt 'Marknadsføring og merkevarebygging'

Prosjektet er i gangsett. Prosjektgruppa er samansett av fagpersonale, studentar, administrasjon og samskipnaden. Gruppa fekk i oppdrag å laga ein prosjektplan som skulle munna ut i ein merkevareprosess. Gruppa har hatt to møter, og gruppa har sett fokus på å auka rekrutteringa til grunnutdanningane i HSH.

Det mest kritiske i gjennomføringa av prosjektet no er manglande ressursar til prosjektleiing og gjennomføring, samt at mandatet har vore for omfattande.

Tiltak

Gruppa bør halda fram, og sjå meir på innhald og organisering av arbeidet knytt til marknadsføring. Arbeidet må samkøyrast med gruppa som skal sjå på den administrative strukturen i HSH.

Styret sin handlingsplan

Prosjekt : Utvikle framtidens lærarutdanning

Kritiske suksessfaktorar som ligg til grunn for styret sin handlingsplan

Lærarutdanninga i Norge er i endring, og det er viktig at HSH er med og pregar utviklinga, og er i framkant, slik at vi kan tilby ei utdanning som samsvarar med behova. Dersom vi ikkje lykkast med dette vil dette kunne påverka negativt studentrekruttering og omdøme. Dette er ei strategisk svært viktig sak for høgskulen aleine, men også for samarbeidet med andre høgskular/universitet.

Kort risikovurdering knytt til utvikling av framtidens lærarutdanning

Det vil vera viktig å auke antal grunnutdanningsstudentar på lærarutdanninga for å ha eit stort nok volum for valfag. Allmennlærarutdanninga og Praktisk estetisk lærarutdanning må derfor samkøyrast. 60 studentar kan bli eit mogleg minstetal frå KD. Ei einskapleg lærarutdanning må vera basert på profesjonstenking i alle fag.

Tiltak

- Søke KD om oppstart av ny integrert fleksibel 5-årig lærarutdanning der dei berande elementa i Stortingsmeldinga er inkludert
- Drøfte og vidareutvikle samspelet mellom fag, didaktikk og profesjonskunnskap i lærarutdanningane
- Utarbeide tydelege kriterier for lærarprofesjonen
- Vurdere kompetanse, kapasitet og rekrutteringsgrunnlag for å starte barnetrinns- og ungdomstrinnsprofil
- Sikre at utdanninga blir slik at studentane blir sikra opplæring i Kunnskapsløftet sine kompetansemål/ læringsutbytte, grunnleggande dugleikar i dei aktuelle fag og elevvurdering der både undervegs- og sluttvurdering er viktige element
- Vidareutvikle samarbeidet mellom HSH og skule- og barnehageeigar
- Utarbeide kompetanseplan for skulen sine fagtilsette i høve til ny lærarutdanning
- Bygge undervisninga på nyare forskning

Styret sin handlingsplan

Utvikle ein masterutdanning i teknologiske fag innafor tildelt økonomisk ramme

Kritiske suksessfaktorar som ligg til grunn for styret sin handlingsplan

Dersom vi ikkje får etablert mastergrad i teknisk sikkerhet i løpet av rimeleg tid, vil vi ha redusert tilgang på og evne til å halde på kvalifisert personell i ingeniørfag, redusert tilgang på fagfolk i næringslivet og ingen økning i søkingen til høgskolen fordi vi ikkje har fem års løp.

Kort risikovurdering knytt til masterutdanning i teknologiske fag

Det som kan hindre opprettelsen av mastergradsstudiet er manglande finansiering og manglande tilgang på kvalifisert personell til å gå inn i nye stillingar.

Tiltak

- Arrangere workshop med høvesvis rederi og andre i petromaritim næring for å få ekstern finansiering
- Søke Universitetsfondet for Rogaland om finansieringsstøtte i tillegg til næringslivsstøtte og sikre støtte hjå lokale politiske myndigheter for ein slik søknad.
- Undersøke muligheter for og evt. søke om finansiering frå sentrale, regionale og lokale myndigheter og næringsliv.
- ”Hente” inn folk (gode fra distriktet som vil heim) som kan gå inn i nye stillingar eller som skal erstatte tilsette som går over i desse stillingene.
- Gjera oss kjente i rekrutteringsmarknader nasjonalt og internasjonalt ved å mobilisere dei fagtilsette

Styret sin handlingsplan

Utvikle ein masterutdanning i øk/adm fag innafor tildelt økonomisk ramme

Kritiske suksessfaktorar som ligg til grunn for styret sin handlingsplan

Dersom vi ikkje får etablert mastergrad i øk/adm i løpet av rimeleg tid, vil vi ha redusert tilgang på og evne til å halde på kvalifisert personell i øk/adm fag, redusert tilgang på fagfolk i næringslivet og ingen økning i søkingen til høgskolen fordi vi ikkje har fem års løp.

Kort risikovurdering knytt til masterutdanning i øk/adm fag

Det som kan hindre opprettelsen av ein master er mangel på professorkompetanse, tilstrekkelig førstekompetanse til å tilfredstille krav til kompetanse både på bachelor og master, internasjonal samarbeidspartner og finansiering.

Tiltak

- Forhandle med Glasgow Caledonian om mogleg bruk av deira mastergrad innan ’business and operations’
- Eventuelt identifisere og forhandle med andre internasjonale samarbeidspartnarar
- ”Hente” professorkompetanse nasjonalt eller internasjonalt
- Tildele post doc stipend for å kvalifisere eigne til professor-kompetanse
- Greie ut ulike finansieringsmoglegheiter
- Greie ut rekrutteringsmoglegheiter

Styret sin handlingsplan

<i>Utvikle ein masterutdanning i helsefag innafor tildelt økonomiske ramme</i>
--

Kritiske suksessfaktorar som ligg til grunn for styret sin handlingsplan

Dersom vi ikkje får etablert ein eller fleire mastergrader er det fare for låg tilgang på kvalifisert personell som kan erstatte tilsatte > 62/65, fortsatt låg tilgang på masterkompetanse for praksisfeltet og fare for redusert søknad til bachelor fordi vi ikkje kan tilby masterpåbygning.

Kort risikovurdering knytt til masterutdanning i helsefag

Det som kan hindre opprettelsen av masterutdanning(er) er manglande fagkompetanse (professor og førstekompetanse), manglande vilje til mastersamarbeid (regionalt/nasjonalt/internasjonalt) og mangel på ressursar til utviklingskostnader.

Evt. låg søknad kan skuldast manglande fleksibilitet med omsyn til antal valfrie kurs/emner og/eller mogleg avkorting.

Tiltak

- Fortsatt dialog med andre lærestader om felles studieprogram frå H-2009
 - Med Volda om mogleg å kunne tilby Master i Meistring og Myndighet lokalt og/eller digitalt for HSH-studentar
 - Med KI om mogleg å kunne tilby Master i Klinisk Medisin lokalt og/eller digitalt for HSH-studentar
- Arbeide for Joint degree med Volda og/eller Karolinska Instituttet frå H-2010
- Arbeide for mastersamarbeid innan UH-NettVest frå 2010
- Lage søknad for eigen master i Helse- og omsorgsvitenskap frå 2010
- Tildele post doc-stipend for å kvalifisere eigne til professor-kompetanse
- Tildele førstelektorstipend for å sikre rekruttering av førstekompetanse
- Tett dialog med samarbeidsråd om ynskjer/behov for masterutdanningar
- Heve kvaliteten på utvalde modular i EVU-studier til masternivå

2. FORSKNING, FORMIDLING, FAGLEG OG KUNSTNARLEG UTVIKLINGSARBEID

Sektormål 2 og HSH sin strategiplan ;

HSH skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, formidling og utviklingsarbeid

Virksomhetsmål 2.1(gitt i KD sin målstruktur)

Dei statlege høgskolene skal medverke til profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane.

Virksomhetsmål 2.2(gitt i KD sin målstruktur)

Høgskoler med forskarutdanning skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet, som er innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og i samfunnet elles.

Styret sin handlingsplan

-Utarbeide FOU- strategi til mai 2009

- *FOU-strategi 2009-2012*
- *Organisering av FOU-virksomhet*
- *Forskningssamarbeid nasjonalt og internasjonalt*
- *Høgskolen sin kompetanseprofil*
- *Karriereutvikling via div. former for stipend el.l.*
- *Insentivordningar for å fremme og stimulere til FOU verksemd*
- *Formidling; fokus på publisering og regional/lokal utadretta verksemd*
- *Forskningsleiing, leiing av forskningsprosjekt og program*
- *Organisering av støtteapparat for FOU verksemd*

Kritiske suksessfaktorar som ligg til grunn for styret sin handlingsplan

Strategiplanen legg føringar for FOU-aktiviteten i HSH. Det er likevel behov for å klargjere retningen i strategiplanen meir konkret innanfor FOU for å få eit institusjonelt grep på ulike delar av FOU-aktiviteten.

Tiltak

Delane i FOU-strategien, jfr. styret sin handlingsplan, er tiltaka som det blir arbeida med inn mot ein samla FOU-strategi.

Styret sin handlingsplan

-Utarbeide internasjonal strategi til mai 2009

Kritiske suksessfaktorar som ligg til grunn for styret sin handlingsplan

Strategiplanen legg føringar for internasjonalisering i HSH. Det er likevel behov for å klargjere retningen i strategiplanen meir konkret innanfor internasjonalisering for å få eit institusjonelt grep på ulike delar av internasjonalisering.

Kort risikovurdering knytt til utarbeiding av internasjonal strategi

Ikkje tilstrekkeleg samordning mot FOU-strategi og personalpolitisk plan og kompetanseplan.

Tiltak

Internasjonal strategi tek utgangspunkt i strategiplanen for HSH, og legg strategi og tiltak innan internasjonalisering for dei fire hovedområda :

1. Utdanning og læringsmiljø
2. Forskning, formidling, faglig og kunstnerlig utviklingsarbeid
3. Samhandling med samfunns- og arbeidsliv
4. Styring, organisering, kompetanse

Planen blir samordna mot FOU-strategi, personalpolitisk plan og kompetanseplan.

3. SAMHANDLING MED SAMFUNNS- OG ARBEIDSLIV

HSH strategiplan :

HSH skal ha ein aktiv dialog med samfunns- og næringsliv om forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverka til samfunns- og næringsutvikling, regionalt og nasjonalt, gjennom innovasjon og verdiskaping.

– sektormål 3 : Universiteta og høgskolene skal medverke til å spre og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Universiteta og høgskolene skal også leggja til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Virksomhetsmål 3.1(gitt i KD sin målstruktur)

Høgskolene skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføra samfunnet resultata frå FOU-verksemda

Virksomhetsmål 3.2(gitt i KD sin målstruktur)

Høgskolene skal medverka til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping.

Styret sin handlingsplan

-Auka aktivitet innan EVU-tilbod, primært eksternfinansiert (19,4 mill kr)

Kritiske suksessfaktorar som ligg til grunn for styret sin handlingsplan

Behovet for Etter- og vidareutdanning er fortsatt stort i regionen, og vi har auka aktiviteten på dette området dei siste åra, også den eksternfinansierte delen. Å vera ein regional aktør krev godt samspel

med vertskommunar, nærings- og arbeidsliv, praksisfelt – og samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar. Det er viktig å vidareutvikle dette samarbeidet for å gi tilbod om utdanning det er behov for. Totalbudsjettet til høgskulen er basert på at vi har eit omfang av eksternfinansierte tilbod i 2009 på 19,4 mill.kr (2008: 13,0 mill.kr). Oppnår ein ikkje dette vil det gå ut over det økonomiske handlingsrommet, og i ytterste konsekvens medføre redusert stab. (Den eksternfinansierte forutsetninga i budsjettet kan også koma frå andre kjelder (NFR, EU osv..))

Kort risikovurdering knytt til auka aktivitet innan EVU-tilbod, spesielt eksternfinansiert

Generelt er det ei utfordring å ha ei god kopling mellom behov for studietilbod og ledige fagressursar. Spesielt innan ALK, men også ATØM, blir betydelege fagressursar nytta til FOU-prosjekt, og reduserer tilgangen på ledige ressursar til EVU. EVU har fått eit såpass stort omfang no at det administrative apparatet nærmar seg eit tak. Vidare utvikling av det regionale samarbeidet er også ein del av risikobildet.

Elles har avdelingane noko ulike problemstillingar knytt til EVU :

AHF har krav til eksternfinansiering på 1,5 mill kr, og trekkjer fram at risiko for ikkje å oppnå budsjettkravet er knytt til mangel på fagressurser. Det er også knytt til manglande dialog med praksisfeltet om kompetansebehov/studieynskjer og/eller manglande fagressursar til å følge opp ynskjer frå praksisfeltet.

ALK har eit budsjettkrav på 4 millioner i eksternfinansiering i 2009.

Ved innføring av ny varig ordning for vidareutdanning av lærerane i grunnskulane blir lærerane frikjøpt til studier. Færre kommuner ynskjer då å betale i tillegg.

Det er eit auka behov for generell lesereettleing, norsk, engelsk og matematikk etter at kompetansekravet kom 1.8.08. Det er nødvendig å samarbeide med andre institusjoner for kunne gje breie nok studietilbod.

ATØM har krav på 6,2 mill. kr (inkl.simulatorsenter). Redusert EVU-tilbod kan skuldast manglande tilgang på lærekrefter, mangelfull kommunikasjon med potensielle kundar i bedrifts-markedet, manglande kompetanse i høve til kva som blir etterspurd.

Tiltak

- Sak til styret om EVU; strategi og organisering (organisering av EVU-tilboda, evt. inn i sak om administrativ organisering)
- Videreføre etablerte tilbod der det fortsatt er etterspørsel
- Videreutvikle samarbeid med regionen om vidareutvikling av studietilbod og rekruttering av studenter

4. STYRING, ORGANISASJON, KOMPETANSE

HSH sin strategiplan :

HSH skal ha ein organisasjon som sikrar god styring og leiing – og medverknad frå dei tilsette og studentane

- **sektormål 4 :Universiteta og høgskolene skal organisera og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogleg ivareteken innanfor ramma av disponible ressursar**

Virksomhetsmål 4.1(gitt i KD sin målstruktur)

Høgskolene skal sikre ein god og effektiv forvaltning av ressursane

Virksomhetsmål 4.2(gitt i KD sin målstruktur)

Høgskolene skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv

Virksomhetsmål 4.3 (gitt i KD sin målstruktur)

Høgskolen skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga. Ein skal ta omsyn til god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning i institusjonen sine strategiske prioriteringar.

Styret sin handlingsplan

-Revidere personalpolitisk plan, i samsvar med strategisk plan. Legges fram for styret hausten 2009

Kritiske suksessfaktorar som ligg til grunn for styret sin handlingsplan

I strategiplanen er eit av måla å : 'Vidareutvikla ein livsfaseorientert personalpolitikk som medverkar til eit godt arbeidsmiljø, mindre kjønnsdelt arbeidsliv og kor den enkelte medarbeidaren sin kompetanse og høve til utvikling vert sett i sentrum.' Som ei kompetanseverksemd er personalet og den kompetansen dei har fundamentet for aktiviteten både innan undervisning og forskning. Høgskulen står også framfor utvikling innan både utdanning og forskning, og ein aldersprofil, som gjer at kompetanse krev spesiell merksemd. Det er derfor viktig å fastslå ein politikk for kompetanseutvikling og personalpolitikk elles (basert på staten sin personalpolitikk).

Kort risikovurdering knytt til personalpolitisk plan

Grunnfundamentet for den personalpolitiske planen vil bli gjort i samband med kartlegging av kompetansebehov og utvikling i eigen kompetanse (alder), jfr. arbeid med mastergrader og ny lærarutdanning. Viktig element i planen vil også vera arbeid gjort i samband med FOU-strategi, og kompetanseheving. Det er viktig at dei som skal utarbeide den personalpolitiske planen er aktiv deltakar i desse prosessane for å bidra til heilskapen i politikken, og for også å kjenna til behova for å utforme personalpolitikken.

Tiltak

- Etablere ei prosjektgruppe for personalpolitisk plan innan 10.mars
- Sjå til at rammene for ein personalpolitisk plan blir brukt i arbeidet med FOU-strategi, og utvikling/rekruttering av kompetanse
- Fange opp i dei pågåande prosessane områder med spesielle behov for personalpolitiske tiltak

Styret sin handlingsplan

Vidareutvikla styringsverktøya for å få ein betre økonomisk internkontroll og betre grunnlag for ressursprioriteringar

Kritiske suksessfaktorar som ligg til grunn for styret sin handlingsplan

Det er ein føresetnad for styret sitt arbeid at verksemda har god økonomisk styring, og at styret har eit godt grunnlag for sine ressursprioriteringar. Med strammare økonomiske rammer ser ein at behovet for kontroll med ressursbruk aukar merkbart.

Kort risikovurdering knytt til betre økonomisk internkontroll og betre grunnlag for ressursprioritering

Det er ressursdisponeringar på driftsnivå som treng betre koplingar for at høgskulen skal få betre økonomisk internkontroll. Dette er eit omfattande arbeid, og risikoen er knytt til at arbeidet ikkje blir fullt ut prioritert av dei som må delta. Det er også ein risiko knytt til å få arbeidsrutinene implementert og følgd opp.

I høve til 'grunnlag for ressursprioritering' er dette avhengig av at arbeidet på driftsnivå knytt til økonomisk internkontroll blir gjort ferdig og følgd opp. Då vil ein kunne ha godt grunnlag for å vurdere studiedata, økonomiske data og ressursdisponering.

Tiltak

- Fortsetja arbeid med emnekostnader, og knytte dette mot arbeidsplanane
- Bruke detaljinformasjon om ressursbruk i vurdering av igangsetjing eller nedlegging av emnetilbod og studietilbod internt i organisasjonen og i styret

Styret sin handlingsplan

- Utarbeide ei utgreiing vedk. administrative tenester, kopling fag/administrasjon og strategiske faglege prioriteringar – til styret i mai

Kritiske suksessfaktorar som ligg til grunn for styret sin handlingsplan

Høgskulen omorganiserte den faglege verksemda for 1 ½ år sidan. Det vart ikkje samstundes gjort ei samla vurdering av den administrative organiseringa. Etter denne omorganiseringa har det også skjedd mykje innan FOU, stadig aukande mengd EVU, større krav knytt til kvalitetssikringssystem og ei stadig utvikling av eksterne krav til dei administrative funksjonane. For å få ei god ressursutnytting med god kopling av administrative funksjonar mot primæraktiviteten, er det viktig å ha ein samla gjennomgang av det administrative apparatet.

Kort risikovurdering knytt til utgreiing vedk. administrative tenester

Det er nyleg gjort utgreingar felles for høgare utdanningsinstitusjonar der utgangspunktet er at det er felles utfordringar, og moglege samordningsgevinstar, spesielt knytt til IT-relaterte oppgåver. Dette er til handsaming i UHR. Mest sannsynleg vil vi ikkje kunne ta omsyn til dette i den gjennomgangen av administrative tenester vi gjer no.

Utgreinga omfattar mange ulike funksjonar og det er ei utfordring å få ei god utgreiing som involverer tilstrekkeleg, og også å ha ei prosjektgruppa som kjenner organisasjonen og problemstillingane godt nok til å gi ei god samla innstilling.

Saka må bli sett i samanheng med arbeid innan FOU-strategi og EVU.

Tiltak

- Oppnemne ei godt samansett prosjektgruppe innan 1.mars
- Trekkje dei ulike funksjonsansvarlege inn i utgreiingsarbeidet med bl.a. framtidige mål, utfordringar fagleg og kompetansemessig innanfor dei ulike funksjonsområda.
- Prosjektet sine fokusområder:
 - Framtidige utfordringar
 - Noverande og framtidig kompetanseprofil
 - Dimensjonering
 - Vurdering av ulike prinsipp for organisering

Kvantitative mål for 2009, Kunnskapsdepartementet sine styringsparametre :

1 - Antall primærsøkjjarar pr. studieplass

Tal på primærsøkjjarar pr. studieplass	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
ALK – ALU (lærer ++)	0,99	0,92	1,00	0,70	0,8
ALK – FLU (førscole)	1,11	1,20	1,20	1,03	1,1
AHF – Stord, sj.pl	1,28	0,93	1,06	0,97	1,1
AHF – Haugesund, sj.pl	2,03	1,81	1,53	1,28	1,4
ATØM – Ingeniør	1,02	1,18	1,09	0,88	1,0
ATØM - Øk/adm	1,35	1,50	1,30	1,31	1,4
ATØM – Nautikk	0,53	1,10	1,17	2,93	3,2

2 - Antall ferdige (uteksaminerte) kandidatar

	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
HSH	458	486	420	440	435
ALK	152	172	136	160	155
ATØM	127	137	129	93	110
AHF	179	177	155	187	170

3 - Studentar per undervisnings- og forskings- og formidlingsstilling

Studentar per undervisnings- og forskings- og formidlingsstilling	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
Avd. Haugesund	15,8	19,5			
Avd. Stord	15,8	16,2			
ALK			15,4	14,5	15
ATØM			22,7	22,2	22
AHF			14,7	16,8	15
Sum	15,8	17,4	16,8	17,1	16,5

4 - Nye studiepoeng per egenfinansiert student pr. år

Nye studiepoeng per egenfinansiert student pr. år	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
ALK - ALU m.m.	52,5	56,2	44,1	44,5	45
ALK – FLU	54,6	49,0	49,3	59,7	50
AHF – Stord	58,8	50,6	50,7	42,1	45
AHF - Haugesund	58,1	57,8	53,8	36,6	45
ATØM - Ingeniør	48,8	37,8	39,1	40,6	40
ATØM - Øk/adm	38,7	32,2	33,8	35,2	35
ATØM - Nautikk	32,8	34,5	35,7	35,1	35
Sum	51,1	47,6	44,7	40,8	42

5 - Antall utvekslingsstudenter, sum inn- og utreisende.

	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008 Inn/ut	2009
Antall utvekslingsstudenter, sum inn- og utreisende.					
Avd. Haugesund		20			
Avd. Stord	2	11			
HSH (uspesifisert)	87	24			
ALK			29	14/14	30
AHF			34	15/28	45
ATØM			23	30/24	54
Sum	89	55	86	59/66=125	130

6 - Antall framandspråklege utdanningstilbud

	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
Antall framandspråklege utdanningstilbud					
ALK	1	0	0	2	2
AHF	0	0	0	2	2
ATØM	0	10	16	7	10
Sum	1	10	16	11	14

7 - Antal uteksaminerte doktorgradskandidatar per vitenskapelig årsverk

	Resultat					Resultatmål
	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Antal uteksaminerte doktorgradskandidatar per vitenskapelig årsverk (2008: 156)	0,006	0,013	0,013	0,009	0,009	0,02

8 - NFR-tildeling per undervisnings- forsknings- og formidlingsstilling

	Resultat					Resultatmål
	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Avd. Stord	0	0	89 000			
Avd. Haugesund	231 000	460 000	656 000			
ALK				1.160.000	5.349.789	6.292.000
ATØM				617.000	2.075.789	5.650.000
AHF	0	0	0	24.000	75.789	1.500.000
Sum per undervisnings-, forsknings og formidlingsstilling (kroner) (156, 2008)	1 449	2 926	4 885	11 810	44 653	86.000

9 - Utveksling av tilsette via programavtaler

	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
Avd. Stord	11	11			
Avd. Haugesund	16	16			
ALK			5	2	2
ATØM			4	6	4
AHF			8	4	4
Administrative			1	2	2
Sum	27	27	18	14	12

10 - EU-tildeling per undervisnings- og formidlingsstilling

	Resultat					Resultatmål
	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Avd. Stord	210 000	59 000	61 000			
Avd. Haugesund	0	0	0			
ALK				147 000	73000	
ATØM				0	0	
AHF				0	0	
Sum per undervisnings-, forsknings og formidlingsstilling (kroner) (156, 2008)	1 317	375	400	964	468	0

11 - Publikasjonspoeng per undervisnings- og formidlingsstilling

	Resultat					Resultatmål
	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Avd. Stord	3	5	2			
Avd. Haugesund	6	9	11			
ALK				5,7	2,7	8
ATØM				23,6	37,5	30
AHF				6,2	12,8	15
Publikasjonspoeng pr undervisnings-, forsknings- og formidlingsstilling	0,06	0,09	0,08	0,14	0,3	0,3

Pr. avd. er oppgitt i publikasjonspoeng

12 - Omfang av eksternt finansiert verksemd EFV

	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
SUM i 1000 kr	11 601	18 780	17 829	13 001	19 434

13 - Andel førstestillingar av totalt antal undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar

	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
Avd. Stord	0,21	0,21			
Avd. Haugesund	0,16	0,23			
ALK			0,29	0,26	0,26
ATØM			0,32	0,35	0,35
AHF			0,11	0,15	0,20
Sum	0,18	0,22	0,24	0,25	0,26

14 - Andel kvinner

Andel kvinner, totalt og etter stillingskategori	Resultat				Resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009
Administrasjon	68,7	65,1	63,1	64,6	64
Avd. Stord	50,9	55,5			
Avd. Haugesund	47,3	45,3			
ALK			47,0	51,0	51
ATØM			32,1	34,8	35
AHF			78,9	78,0	75
Sum	55,3	55,2	56,0	57,5	56,8

VEDLEGG TIL HANDLINGSPLAN 2009

NOTAT

KB 16.1.09

Risikostyring - del av plan- og styringsarbeid

Bakgrunn

Risikovurderingar skal vera ein del av mål- og resultatstyringa, og departementet seier i tildelingsbrevet at her har institusjonane fortsatt ein veg å gå. Dette gjeld også HSH. Departementet vil ha ein presentasjon av institusjonen si risikostyring i Rapport og planar (2008-2009).

Som bakgrunn for vårt arbeid med risikostyring har vi brukt metodedokument og vegleiar som er utarbeida av SSØ.

Prosess

Risikostyring har i ein skilde delar av verksemda vore del av vurderingane, spesielt knytt til prosjekt og igangsetting av EVU-tilbod. Dette har også vore tilfelle på eit meir overordna nivå, men det har vore manglande dokumentasjon av slike prosessar. For å få ein meir heilhetleg tilnærming til risikostyring, prøver vi no å tydeleggjera dette i planprosessen og i dokumentasjonen av denne. Handlingsplanen for 2009 vil derfor inneha vurderingar knytt til kritiske suksessfaktorar og risiko – som grunnlag for prioriteringar og tiltak.

Risikostyring som del av mål- og resultatstyring

Det vi står overfor er å få ein meir strukturert tilnærming til å identifisere, vurdere, handtere og følge opp risiko som del av mål- og resultatstyringa.

Figuren på neste side, henta frå SSØ metodedokument, gir eit godt bilete på korleis vi koplar risikostyringa til mål- og resultatstyring.

Figur 1: Håndtering av risiko i mål- og resultatstyringen



Kort forklaring til figuren :

Mål og strategiar :

Departementet har fastsett overordna mål og verksemdsmål for sektoren. HSH vedtok i juni 2008 ny strategisk plan med mål og strategiar for perioden fram til 2016. Departementet sine mål er innlemma i planen.

I arbeidet med handlingsplanar tek vi derfor utgangspunkt i HSH sin strategiplan.

Kritiske suksessfaktorar :

- kva faktorar det er viktigast og lykkast med for å nå mål og strategiar

I handlingsplanen går vi inn på mål/strategiar i strategiplanen, og vurderer kva som er kritiske suksessfaktorar for å nå måla.

Styringsparametre:

- kva skal vi styre etter for å nå mål og strategiar, her gir dei kritiske suksessfaktorane ei rettesnor for kva som bør prioriterast

Departementet har i sitt tildelingsbrev gitt både kvalitative og kvantitative styringsparametre, som styringssignal for å nå måla. Desse er tatt inn i handlingsplanen der det er vurdert at det er risiko for ikkje å arbeida med styringsparametrane dersom dei ikkje inngår i handlingsplanen. Ut frå HSH si vurdering av mål og strategiar og kritiske suksessfaktorar er det sett opp ytterlegare styringsparametre.

Risikoar :

- kva tilhøve eller hendingar som kan hindre måloppnåing – her; kva kan påverke negativt i iverksetjinga av /arbeidet med å nå styringsparametrane.
- Risiko : kor sannsynleg er det at ei hending skjer, og kva konsekvensar for måloppnåing får det dersom det inntreffer. Jfr. figur henta frå SSØ metodedokument.

Figur 6: Risiko vurderes i forhold til sannsynlighet og konsekvens




Figur henta frå SSØ sitt metodedokument

Tiltak og kontrollaktivitetar :

I arbeidet med å koma fram til tiltak og kontrollaktivitetar vurderer ein i kva grad det er sannsynleg at noko inntreffer, og kva konsekvens det får. Som eit hjelpeverktøy for å vurdere risiko kan ein bruke matrisa under. Ved å setje inn sannsynlighet og konsekvens i matrisa, så ser ein kor høg risikoen er for at målet (her: styringsparameteren) ikkje kan nåast. Vurderer ein denne risikoen til å vera akseptabel? Hvis ikkje må handlingsplanen innehalde spesielle tiltak som fører risikoen ned på eit akseptabelt nivå – unngå eller redusere risiko.

Matrise for risikovurdering i handlingsplanen



Risikostyring som del av Handlingsplan 2009

I handlingsplanen for 2009, jfr. styresak i desember, kjem det fram mål/strategiar, kritiske suksessfaktorar og styringsparametre. Når me knytter opp dei meir operative handlingsplanane på avdelings- og stabsnivå, skal desse innehalde ei kort risikovurdering knytt til den konkrete iverksetjinga av den enkelte styringsparameter, og kva tiltak som blir planlagt. Eksempelvis matrisa som er vist over er ikkje noko vi dokumenterer, dette er eit hjelpeverktøy i utarbeidinga av handlingsplanen og vurderinga av risiko.

Sjå eigen mal for handlingsplan 2009.

Sjå eksempel på arbeidsprosess for fastsetting av operativ handlingsplan som vedlegg til dette notatet.

Kvalitetsutvikling – PUFF

Vi legg opp til ei nokså pragmatisk integrering av risikostyring i handlingsplanen for 2009, som ein oppstart. På same måten som vi arbeider etter i anna utviklingsarbeid, vil vi også i høve arbeidet med risikostyring arbeide etter kvalitetssirkelen – planlegge, utføre, følge opp, forbedre. Dvs. at vi no planlegg og gjennomfører ein måte å tilnærme oss risikostyring på, og der vi følger dette opp med evaluering, og vidareutviklar dette neste år.

Eksempel på arbeidsprosess for fastsetting av operativ handlingsplan/tiltak ved avdeling eller stab

Utgangspunkt

Ein styringsparameter gitt av styret. For eksempel :

Prosjekt 'førsteårsstudenten' i grunnutdanningane

- senke fråfallet blant studentane

- auka gjennomstrømming

- høgre fagleg og pedagogisk 'trøkk' med tydelege faglege og pedagogiske krav

Bakgrunnen for denne styringsparameteren er målet om å utdanne kandidatar med høg og relevant kompetanse, men også det ressursmessige aspektet der vi i evalueringsrapportar bl.a. i 2008 ser at studentfråfall gir oss store inntektsreduksjonar og at handlingsrommet vårt blir redusert.

Spørsmål og vurderingar:

Når ein skal operasjonalisere denne styringsparameteren i ein handlingsplan kan ein stille seg dette spørsmålet :

Kva risiko er det for at vi ikkje set i verk dei rette tiltaka, eller at vi ikkje greier å gjennomføra dei ?
KVA KONKRET skal vi vera merksam på når vi lagar handlingsplanen?

Risiko (senke fråfallet):

1. Det er studentar som ikkje skulle vore ved eit studie som blir verande
2. Vanskeleg å ha målretta tiltak, fråfall skuldast ulike tilhøve
3. Tiltak blir sett inn på feil tidspunkt i studieforløpet

Risiko (auka gjennomstrømming)

- 4.
5. osv.

Risiko (tydelege faglege og pedagogiske krav)

- 6.
7. osv.

Vi går vidare og stiller spørsmål ved **kor sannsynleg det er at noko inntreff og kva konsekvens det får hvis det inntreff.**

Til 1. Dersom vi set i gang fleire tiltak for å redusere fråfallet, kor sannsynleg er det at vi då får med oss vidare studentar som ikkje burde vore ved studiet ? Dersom det blir igjen studentar som ikkje burde vore ved studiet ; kva konsekvens får det for studiet/HSH ?

Dersom vi fortset eksempelet kan vi si at vurderinga av sannsynlighet og konsekvens kan vera ulike grader av låg/høg. Sjå matrise neste side.


1A : vi har vurdert det slik at det er **NOKSÅ HØG SANNSYNLIGHET** for at vi får med oss vidare studentar som ikkje burde vore ved studiet. Vi har vidare vurdert det slik at dersom dette inntreff vil det ha nokså liten konsekvens for HSH. I utforminga av handlingsplanen kan ein vurdere dette slik at dette ikkje har stor nok risiko til at vi skal ha spesielt fokus på denne problemstillinga.

1B: vi har vurdert det slik at det er **NOKSÅ HØG SANNSYNLIGHET** for at vi får med oss vidare studentar som ikkje burde vore ved studiet. Vi har vidare vurdert det slik at dersom dette inntreff så vil det også ha **STORE NEGATIVE KONSEKVENSA**R for studiet/HSH. I utforminga av handlingsplanen er det derfor viktig å setja inn tiltak som reduserer sannsynligheten for at dette

inntreff, og/eller konsekvensen dersom det inntreff. Ein har i handlingsplanen tiltak for å koma ned på eit akseptabelt risikonivå.

For 2 og 3 over kan same vurderingane bli gjort.

Matrise for risikovurdering i handlingsplanen



Den operative handlingsplanen

for avdelinga kan bli slik under punkt om *Prosjekt 'førsteårsstudenten'* når det gjeld fråfall:

Risikovurdering (trekk fram dei tilhøva der ein må reduere risikoen):

Prosjekt 'Førsteårsstudenten' : Avdeling X vurderer at risikoen for å sette i verk tiltak slik at vi beheld studenter som burde vore ute av studiet er stor. Det same gjeld å ha tiltak som er tilstrekkeleg målretta.

Handlingsplan for Prosjekt 'førsteårsstudenten' - fråfall :

- innsats mot å veilede ut dei studentane som ikkje har funne rett studie
- analyse av årsak til fråfall som grunnlag for tiltak

3.2 Plan for tildelt bevilgning for 2009

Plan for tildelt bevilgning for 2009

Jfr. pkt. 4.3.8 i tildelingsbrevet følger disponeringsoversikt over tildelte midlar for 2009, jfr. §7 i Reglement for økonomistyring i staten og kap. 2.1. i bestemmelsar om økonomistyring i staten.

Plan for disponering av tildelt bevilgning i 2009

Inntekter/ utgifter	Beløp (1000 kr)
Driftsinntekter	
Herav bevilgningsfinansiert virksomhet	238 728
Herav eksternfinansiert virksomhet	19 435
Sum driftsinntekter	258 163
Driftskostnader	
Herav lønnskostnader	163 156
Herav anskaffelser og påkostninger	0
Herav husleie	43 898
Herav andre driftskostnader	49 109
Sum driftskostnader	256 163
Driftsresultat BFV	0
Driftsresultat EFV	2 000

Forklaring:

Tabellen skal inneholde en overordnet presentasjon av institusjonens plan for disponering av tildelt bevilgning for 2009, jf. omtale i avsnitt 4.2.2. Alle kronebeløp skal avrundes til nærmeste tusen kroner.

Tabellen rapporteres til DBH.

HSH si **fordeling og prioritering av tildelte midlar** er omtala i **styresak 60/08**, samt eit vedlegg med fordeling. Sjå utdrag frå saka under :

Budsjettfordelinga følgjer på vedlegg 1 til denne saka.

Framlegget til budsjettfordeling for 2009, legg relativt sett, meir ressursar ut på fagavdeling-ane enn tidlegare budsjett. Budsjettsummane er kvalitetssikra mot aktivitet, stillingsbudsjett og kjente driftskostnader. Det vert difor forventa at avdelingane skal halda budsjettrammene i 2009 og streng styring av ressursdisponering vert nødvendig. Budsjettframlegget inneheld ikkje reservar til å dekkja opp overskridingar.

Dei relativt gode avdelingsbudsjetta byggjer på at sentrale fellespostar er redusert til fordel for avdelingane. Auka satsing på NFR-prosjekt og EVU/EFV gjev auka budsjettrammer for 2009. Det er føresett at avdelingane gjennom si styring og medvitne ressursdisponering skal kunna gjennomføra prioriterte tiltak i handlingsplanen for 2009.

Samanlikning mellom fagavdelingane viser at dei kjem ut med nok så like rammer for studiepoengproduksjonen og kostnader pr. 60-stp. eining.

Det er føresett at avdelingane "skal klara seg" med framlegget til budsjetttrammer og innanfor desse få utført dei aktivitetar som ligg i vedtaket om studieportefølje og overordna handlingsplan.

Kommentarar til budsjetteiningar:

Generelt.

Fordelinga mellom fagleg verksemd og fellestenester (drift og administrasjon) viser at fagleg verksemd har auka sin del av totalbudsjettet frå 60,1 % i 2008 til 62,7 % i framlegget for 2009.

Fellestenestene sin del går tilsvarande ned og det er tildeling til investering i utstyr som har største kuttet. Det vil medføra m.a. at utskifting av IT-utstyr i stor grad vert utsett til seinare budsjettår.

Styret/rektor m.m.

Budsjettområdet er redusert med 17,8 % i høve til 2008.

I høve til budsjett 2008 er stimuleringsmidlar og styrets reserve redusert til høvesvis kr. 1 500 000 og 1 000 000. Av stimuleringsmidlane er kr. 1 000 000 bundne opp i NFR-prosjekt. Doktorgradstipend er budsjettert med 11 statlege og eitt finansierte av Rogaland fylkeskommune. Kontingentar og post til lønsauke er budsjettert ut frå avtalar og berekningar. Driftsstøtta til Studentparlamentet er budsjettert med kr. 585 000 som er i samsvar med Studentparlamentet sitt budsjett for 2009.

Budsjettframlegget viser ein reduksjon på kr. 3 679 000 på dette budsjettområdet. Det er her og på drift dei største kuttene gjort for å få balanse i budsjettet.

Avd. for lærar og kulturfag.

Avdelingsbudsjettet viser auke på 15,4 %.

Dekan peikar på knappe resursar til FoU. NFR-prosjekt genererer både inntekter og utgifter.

Budsjettet er saldert med forventede meirinntekter frå NFR og EVU/EFV.

Avd. for tekniske/økonomiske/maritime fag:

Fleksible ingeniøruddanningar er ikkje reelt budsjettert i 2008. Vert det korrigert for desse blir reell vekst på avdelingsbudsjettet på 16,2 %.

Dekanen vil skaffa handlingsrom til avdelinga ved å styra strengare på fagportefølje og FoU-tid, søkja NFR-prosjekt, "Stø kurs"-midlar og auka EVU/EFV. Handlingsrommet skal nyttast i samsvar med HSH sin handlingsplan.

Avd. for helsefag:

Avdelingsbudsjettet viser auke på 17,4 %.

Dekanen vil satsa på auka EVU og meirinntekter frå avtalar med Sjøfartsdirektoratet og Helse Fonna.

Mindre bruk av vikarar og timelærarar. Stort omfang av internasjonalisering tappar studiepoengproduksjonen. Har/kan skaffa handlingsrom for vidare utvikling av avdelinga innan framlegget til budsjetttramme.

Drift og Fellestenester.

Budsjettområdet viser auke tilsvarande venta løns- og prisvekst. Det er reduksjonar på driftspostane på alle einingane under fellestenestene. M.a. mindre til kjøp av bøker på biblioteket.

Innan knappe budsjetttrammer må læringsmiljøtiltak bli prioritert i 2009.

Framlegget til budsjettfordeling har ikkje post til investeringar i 2009.

Generelt må høgskulen vurdere utnytting av disponible lokale og standarden på desse.

Det er behov for opprusting/alternative løysingar for Annekset, Gymnastikksalen og Symjebassenget.

Det ikkje budsjettmessig rom for tiltak i 2009.

Simulatorsenteret – kursverksemda.

Simulatorsenteret gir kurs til eigne nautikkstudentar, elevar ved Karmsund videregående skole og til eksterne kundar. Det er venta at den eksternt finansierte verksemda skal vera på same nivå som i 2008 og gi eit overskot til investeringar/avsetjing til verksemdskapital på kr. 2.0 mill.

Framtidsutsikter

Venta auka RBF tildeling i 2010 på grunn av auka studiepoengproduksjon i 2008 med 150-200 60-stp.einingar. Det gir ei meirinntekt mellom kr. 6-8 mill. I framtidige budsjett må dei postane som har fått kraftigaste reduksjon i 2009, styrkjast.

FRAMLEGG BUDSJETTFORDELING 2009

BUDSJETTEINING

STYRET/REKTOR

Styret/rektor

Stimuleringsmidlar

Kontingentar og tilskot

Doktorgradstipend

Reserve til styret

Avsett til lønsauke

SUM STYRET/REKTOR

SUM AVD. LÆRARUTD OG KULTURFAG

SUM AVD.

TEKNISKE/ØKONOMISKE/MARITIME

SUM AVD. HELSEFAG

SUM FAGLEGE FELLESTENESTER

SUM FAGLEG VERKSEMD

SUM DRIFTSTENESTER (BYGG OG

ANLEGG)

SUM ADM.FELLESTENESTER

EVU (50 % RBF/50 % EFV)

Simulatorsenter

SUM EKSTERNT FINANSIERT**VERKSEMD**

SUM DRIFT OG ADMINISTRASJON

INVESTERINGAR

TOTALT HSH 2009

TOTALT HSH 2008

KOSTNADER			INNTEKTER				
Løn	Drift	Sum kostn.	KD	NFR	EFV	Sal/ref	Sum inntekt
1076	1200	2276	2276				2276
1300	200	1500	1500				1500
	1300	1300	1300				1300
5450	1457	6907	6457			450	6907
	1000	1000	1000				1000
4000		4000	4000				4000
11826	5157	16983	16533			450	16983
37876	8447	46323	36323	5950	4000	50	46323
38890	4887	43777	35557	2020	6200		43777
33723	2824	36547	35027		1520		36547
11664	5311	16975	16042		934		16976
133980	26626	160606	139482	7970	12654	500	160606
5609	57699	63308	62038			1270	63308
20309	4485	24794	24454			340	24794
804	130	934			934		934
2454	4067	6521	2186		5847	488	8521
3258	4197	7455	2186		6781	488	9455
29176	66381	95557	88678		6781	2098	97557
	0	0					0
163156	93007	256163	228160	7970	19435	2598	258163
142 945	96 755	239 700	218191	5860	16899	2750	243700